



**KONKURRANSETILSYNETS**  
**ÅRSRAPPORT 2023**



## Innhald

---

1 Melding frå leiar .....	2
2 Introduksjon til verksemda og nøkkeltal.....	4
2.1 Samfunnsoppdrag og mål.....	4
2.2 Organisering og leiing .....	5
2.3 Nøkkeltal frå årsrekneskapan .....	6
2.4 Føretaksspesifikke nøkkeltal .....	7
3 Aktivitetar og resultat.....	8
3.1 Bruk av resultatkjede.....	8
3.2 Samla vurdering av oppnådde resultat .....	10
3.3 Ressursbruk .....	13
3.4 Kartellavdekking og ulovleg samarbeid .....	14
3.5 Misbruk av dominans .....	16
3.6 Fusjonskontroll .....	17
3.7 Daglegvaremarknaden.....	20
3.8 Konkurransen i ein digital økonomi .....	23
3.8.1 Maskinlæringsplattforma .....	23
3.8.2 Marknadsetterforskningsverktøyet .....	24
3.8.3 Prisalgoritmar .....	24
3.9 Pådrivar for konkurranse .....	24
3.10 Internasjonalt arbeid .....	26
3.11 Miljø og berekraft .....	27
3.12 Konkurransesfagleg forskning og utgreiing .....	28
4 Styring og kontroll i verksemda .....	29
4.1 Overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda .....	29
4.2 Bemanning og organisasjon.....	30
4.3 Inkludering, mangfald og likestilling .....	31
4.4 Bruk av konsulentar og kommunikasjonstenester .....	35
4.5 Tryggleik og beredskap .....	36
4.6 Miljø, berekraft og grøen omstilling .....	36
5 Vurdering av framtidsutsikter.....	37
6 Årsrekneskap .....	40
6.1 Kommentar frå leiinga .....	40
6.2 Prinsippnote .....	41
Vedlegg 1 - Det alminnelege prisreguleringsfondet - Årsrekneskap .....	50
2.1 Oppstilling av fondsrekneskap med noter .....	52
Vedlegg 2 - Rapportering på forskingsprosjekt.....	54
Nye prosjekt i 2023.....	54
Pågåande prosjekt .....	54
Avslutta prosjekt.....	55

# 1 Melding frå leiar

---



*Konkurransedirektør Tina Søreide*

Konkurransetilsynet skal fremme konkurranse til fordel for forbrukarar og næringsliv, og det gjer vi gjennom handheving av konkurranselova, ein aktiv fusjonskontroll, og ved å vere eit kompetansesenter i konkurransefaglege spørsmål. Konkurransetilsynet skal stoppe oppkjøp og samanslåingar som vil gi betydeleg konkurranseskade og risiko for høgare prisar, i små så vel som store marknader. Vi jobbar så effektivt som mogleg for å gi raske avklaringar. I 2023 fekk vi inn 113 meldingar om føretakssamanslutningar. Av desse vart 108 avslutta innan 25 verkedagar. Vi stoppa ein fusjon i betongmarknaden der Ølen Betong/NCG ikkje fekk kjøpe Betongvarer i Kvinnherad. I tillegg vurderte vi grundig til fase II fire andre samanslåingar som til sist vart godkjende, deriblant saker som involverte store aktørar i banksektoren (Nordea-Danske Banks privatkundedel) og i marknaden for flytransport av passasjerar (Norwegian-Widerøe).

Å handheve konkurranselova betyr at tilsynet skal avdekke og reagere mot misbruk av dominans og ulovleg samarbeid mellom føretak. I 2023 jobba vi vidare med fleire store etterforskingssaker, inkludert i marknaden for tenestepensjon, apotekmarknaden og daglegvarebransjen (prisjegersaken). Samstundes avslutta vi ei etterforsking i marknaden for entreprenørtenester utan å fatte vedtak om gebyr.

Nokon gonger vert vår praksis korrigert i rettsystemet. Eit vedtak fatta i 2022 om gebyr på til saman 545 millionar kroner til fire forlag og ei databaseteneste for ulovleg samarbeid, vart oppheva av Konkurranseskilagenemnda i 2023. Nemnda var ikkje einig i vår vurdering av at partane samarbeidde om framtidige prisar. Saka var med det avslutta, sidan tilsynet sin moglegheit til å anke den vidare i rettsystemet ikkje var trådd i kraft for denne saka. I 2023 oppheva Høgsterett Konkurransetilsynets (og Konkurranseskilagenemndas) forbod mot Schibsteds kjøp av Nettbil. Både Schibsted, som eig Finn, og Nettbil, selde brukte bilar på nett. Tilsynet hadde vurdert det slik at ei samanslåing mellom desse ville svekke konkurransen. Høgsterett var ueinig med denne vurderinga. Konkurranseretten er eit krevjande fagfelt, der svara ikkje alltid er eintydige. For oss i tilsynet er det viktig å trekke lærdom saker der ein ankeinstans ikkje støtter våre vedtak.

For å føre effektiv kontroll må Konkurransetilsynet og justere arbeidet i takt med endringar i verda rundt oss. 2023 er året då kunstig intelligens (KI) vart tilgjengeleg for folk flest, og vi er mange som fekk auga opp for korleis slik teknologi vil påverke samfunnet. I Konkurransetilsynet har vi allereie vore opptekne av prisingsalgoritmar i nokre år, og ser no at fleire moglegheiter med bruk av KI kan kome til å endre korleis føretak opererer og konkurrerer. Det er naudsynt å fylgje med på korleis utviklinga stiller nye krav til regulering og tilsyn for å sikre rettferdig konkurranse framover. I 2023 deltok vi derfor i ei rekkje internasjonale fora for å lære meir om korleis nettbaserte aktørar kan sikre seg marknadsmakt på nye måtar og kva tilgang til data kan ha å seie for eksempel i fusjonskontrollen. I slike fora har det vore mykje dialog om korleis regler bør oppdaterast for å sikre at konkurransekontrollen vil vere effektiv framover. Det har særleg vore lagt vekt på utfordringane knytt til store plattformkjempar som Amazon og Google (Alphabet), og at dei ulike segmenta i

marknaden for KI-tenester ikkje vert monopolisert av aktørar med sterk marknadsposisjon, slik som Nvidia, Microsoft og IBM. Den digitale utviklinga har gjort at ulike tilsyn, inkludert Konkurransetilsynet, er meir obs på kva tilgang til informasjon har å seie for konkurransesituasjonen. Nye EU-regler om digitale marknader (DMA) skal skape meir open og rettferdig konkurranse mellom store og små digitale nettbaserte plattform-føretak. I 2023 var Konkurransetilsynet involvert i ei arbeidsgruppe som vurderer innlemminga av slike EU-reglar i norsk rett.

Internt i Konkurransetilsynet har den siste tidas teknologiske utvikling tydeleggjort verdien av det arbeidet vi allereie hadde starta, som handlar om å styrke tilsynets bruk av data og analyse i sakshandsaminga. I 2023 vedtok vi å etablere ei tenesteytande gruppe med brei programmeringskompetanse for å styrkje og effektivisere saksbehandlinga i heile tilsynet. Vi som driv konkurransekontroll, treng òg tilgang til data for å få effekt av nye teknologiske moglegheit, og derfor har vi vore i kontakt med andre tilsyn og marknadsaktørar for å få meir informasjon for våre analyser. Dette arbeidet vil halde fram i åra som kjem, slik at vi kan overvake marknader, avdekke ulovleg samarbeid, og utføre fusjonskontroll enda meir effektivt enn no.

For Konkurransetilsynet er det viktig å sjå effekten av arbeidet vårt i eit større samfunnsperspektiv. Til dømes er det viktig for oss at den konkurransekontrollen vi gjer fremmer, og ikkje hemmar, berekraftig utvikling. Vi trur at konkurranse i marknader er avgjerande for at verda skal nå måla for berekraft. Det er i marknader der konkurranse fremmer innovasjon og press på priser at vi ser mest framgang for å sikre berekraftig utvikling, enten det handlar om utsleppsfri transport, avfallshandsaming, eller kva bankar kan gjere. Eit anna døme på korleis vi ser vårt samfunnsmandat i eit større perspektiv handlar om korleis brot på konkurranselova kan påverka situasjonen i arbeidsmarknader. I 2023 starta vi eit samarbeid med dei andre nordiske tilsyna som handla om å forstå og forklara kvifor det kan vere ulovleg for føretak å samarbeide om å halde nede lønnsnivået for arbeidarar i bransjen, eller gi kvarandre lovnadar om å ikkje tilby jobb til kvarandre sine medarbeidarar.

Nokon marknader opptek oss meir enn andre, og eit av dei er daglegvaremarknaden. Markedet er viktig for alle, men både prisane og etableringshindringane er høge, og landbruksreguleringar gjer at nokre aktørar har særleg sterk marknadsposisjon. I 2023 gjorde vi ei rekkje viktige analyser av arbeidet, godt støtta eller oppfordra av Nærings- og fiskeridepartementet, og mykje av arbeidet held fram inn i 2024. Slikt arbeid er naudsynt for å skjønne kva tiltak vil ha effekt på prisane i ein så komplisert marknad. Til dømes har vi sett at arbeidet vårt med eigedomsservituttar har ført til forbod mot slike avtaler, som no kan gjere det lettare for ein aktør å etablere butikk lokalt. Vi ser at ordninga med prisvindaug kan vere konkurranseskadeleg, og det er bra om systemet no fell bort. I tilsynets [Daglegvarerapport](#) er det meir informasjon om kva arbeid vi gjer i sektoren.

Gjennom å auke kunnskapen om konkurransereglane og fordelane ved velfungerande konkurranse, bidreg Konkurransetilsynet til at samfunnet utviklar seg på ein måte som tener forbrukarar og fremmer effektiv utnytting av ressursane. Konkurransetilsynet er derfor eit kompetansesenter i spørsmål om korleis marknader kan fungere betre. I 2023 var vi aktive med å gi faglege synspunkt på mange områder og i fleire kanalar. Tilsynets ekspertar heldt ei lang rekkje foredrag i små og store fora, og vi ga høyringsvar i 15 ulike samanhengar - fleire av dei om korleis reglar kan fremme berekraft gjennom betre konkurranse. Vi seier frå når vi ser at regler i ein marknad kan ha ein konkurransehemmande effekt, eller til dømes når kommunar ikkje legg til rette godt nok for konkurranse i sine reguleringsplanar. Vi ser positiv effekt av slik aktivitet, og i 2023 såg vi særleg at mange marknadsaktørar unngjekk å uttale seg om priser i media etter at tilsynet hadde vore i kontakt med dei og forklart at praksisen kunne skade konkurransen.

Det er viktig for oss at folk skjønner at dei må gi oss beskjed om konkurranseproblem. Dei som tipsar oss, kan gi nettopp den nøkkelinformasjonen vi treng for ei etterforsking, eller gjere oss klar over korleis reglar kan verke konkurransevidande. Det er òg viktig at dei føretaka som innser at dei gjer noko ulovleg veit at viss dei kjem til oss og seier i frå, vil dei kunne sleppe gebyr for ulovleg praksis.

Det mest kritiske for å vedlikehalde vår rolle som eit kompetansesenter i konkurransesaker, er å sikre at tilsynet er ein attraktiv arbeidsplass. Det vil oppmuntre våre dyktige medarbeidarar til å bli verande, noko som er avgjerande for effektiv konkurransekontroll i Noreg. Derfor legg vi vekt på utvikling av medarbeidarar og eit godt miljø for å sikre motivasjon og trivsel. Våre tilsette ynskjer å gjere ein samfunnsmessig skilnad. Det er drivkrafta som gjer at vi skal få til effektiv og kompetent konkurransekontroll framover.

Bergen, den 15.mars 2023



Tina Søreide  
Konkurransedirektør

## 2 Introduksjon til verksemda og nøkkeltal

---

### 2.1 Samfunnsoppdrag og mål

Konkurranse er eit verkemiddel som bidreg til effektiv ressursbruk og velfungerande marknader. Forbrukarane og næringslivet får eit betre tilbud av varer og tenester, med betre kvalitet og lågare prisar. Konkurranse bidreg til at norske føretak blir meir konkurransedyktige, både heime og internasjonalt. Aktiv konkurransepolitikk bidreg òg til omfordeling, og er avgjerande for at den norske modellen for lønnsdanning skal verke etter hensikta. Samtidig er det ei erkjenning at marknadene er i endring. For Konkurransetilsynet blir det viktig å ha rett kompetanse og dei rette reiskapane slik at utfordringane og moglegheitene som den digitale økonomien representerer kan adresserast på ein målretta måte.

Konkurransetilsynets strategiplan 2022-2027

#### 1. Å handheve konkurranselovgevinga

Konkurransetilsynet sikrar at konkurranselova og EØS-avtalen blir etterlevd. Konkurranselova forbyr samarbeid som avgrensar konkurransen og misbruk av ei dominerande stilling. Føretak må melde frå til tilsynet om fusjonar og oppkjøp, og tilsynet kan gripe inn om desse truar rettferdig konkurranse.

#### 2. Å vere ein pådrivar for konkurranse

Ved å vere synlege og engasjerte i offentlegheita, bidreg Konkurransetilsynet til auka forståing av tydinga av konkurranse og korleis velfungerande marknader fremjar økonomisk vekst og velferd. Tilsynet arbeider og for konkurranse ved å identifisere og adressere forhold i offentlege ordningar og reguleringar som kan hemme konkurransen. Vi fremjar forslag for å styrke konkurransen, fordi ein sunn konkurranse er nøkkelen til ein sterk økonomisk vekst og eit godt samfunn for oss alle.


## Strategiplan for 2022-2027: vår veg framover

Konkurransetilsynet har satt seg tre strategiske mål med delmål for kvart av desse. Vi har òg særlege satsingsområde i eit perspektiv på tre år. Figuren i årsrapporten gir eit oversyn over strategiplanen. Årsrapporten gir ein oversikt over korleis vi har jobba mot desse måla i 2023, og du vil få eit innblikk i korleis våre aktivitetar og resultat har bidratt til betre og meir rettferdig konkurranse i samfunnet.

KONKURRANSETILSYNET SIN STRATEGIPLAN 2022-2027		
	<b>VISJON</b>	Profesjonelt tilsyn førebudd for 2030
	<b>KJERNEVERDIAR</b>	Fagleg · Effektiv · Synleg
	<b>STRATEGISKE MÅL 2022-2027</b>	Målretta i handhevinga
		Klar og tydeleg pådrivar
		Føretrekt og profesjonell arbeidsgjevar
	<b>STRATEGISKE SATSINGSOMRÅDER 2022-2025</b>	Handheving i den digitale økonomien
		Berekraft gjennom konkurranse
		Styrke konkurransen i daglegvaremarknaden
		Vere ein attraktiv og fleksibel arbeidsplass

## 2.2 Organisering og leiing

Konkurransetilsynet er organisert med tre marknadsavdelingar med ansvar for kvar sine marknader. Vidare har tilsynet tre fagstabar med spesialistkompetanse på konkurranserett, konkurranseøkonomi og etterforskning. I tillegg har vi ein stab for kommunikasjon og ei administrasjons- og organisasjonsavdeling.



Leiinga i Konkurransetilsynet består av konkurransedirektør, sjeføkonom, juridisk direktør, etterforskningsdirektør, avdelingsdirektørane for marknadsavdelingane, kommunikasjonsdirektør, direktør for eksterne relasjonar og administrasjons- og organisasjonsdirektør.

Konkurransetilsynet held til i kontorlokale i Zander Kaaes gate, sentralt i Bergen.

### Overordna departement og klageorgan

Konkurransetilsynet er eit statleg forvaltningsorgan og er underlagt Nærings- og fiskeridepartementet (NFD). Tilsynet skal handheve konkurranselova, og kan ikkje instruerast av departementet i

enkeltsaker. I 2017 vart Konkurransklagenemnda (KKN) oppretta som eit nytt, uavhengig organ for handsaming av klager på tilsynet sine vedtak og avgjerder. Dette gjeld ikkje vedtak gjort etter pristiltakslova.

### 2.3 Nøkkeltal frå årsrekneskapen

Nøkkeltala frå tabellane og diagrammet nedanfor er satt opp etter mål frå Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ). Konkurransetilsynet har ingen verksemd som skapar omsetning. Som tabellen viser, utgjer utgifter til lønn den største delen av budsjettet med 76%.


Konkurransetilsynet <sup>1</sup>	2020	2021	2022	2023
Utførte årsverk <sup>2</sup>	96,8	91,6	83,7	87,7
Samla tildeling post 01 (NOK)	121 858 000	126 538 000	129 391 000	136 893 000
Driftsutgifter (NOK)	118 841 515	121 117 537	124 863 237	133 184 517
Utnyttingsgrad av tildeling	97,6 %	95,8%	96,6%	97,3%
Refusjonar lønn (NOK)	3 711 152	2 954 108	3 379 558	2 645 777
Lønnsdel driftsutgifter	77,5 %	78,6%	75,6%	76,0%
Lønnsutgifter pr årsverk (NOK)	952 163	1 039 395	1 126 832	1 153 783

<sup>1</sup> Tallane er frå Årsrekneskapet kapittel 0910 post 01. Sjå kapittel 6 i årsrapporten for ytterlegare informasjon.

<sup>1</sup> Cirka årsverk for 2018-2022 er berekna etter definisjon frå PM-2019-13 (<https://lovdata.no/dokument/SPHPM/pm2019-13>).

<sup>2</sup> Kilde 2018-2019: SSB, Tabell 12623, per 20.1.21. Oppdatert etter førre årsrapport. Kilde 2020-2022: DFØ Fagbrukerinnsett. Som tal på arbeidsforhold er det brukt tal på stillingar.

## Driftsutgifter etter art



Årsverk	2020	2021	2022	2023
Tal på utførte årsverk	96,8	91,63	83,75	87,70
Avtalte årsverk <sup>3</sup>	109	105	98	99
Tal på tilsette <sup>2</sup>	110	106	100	100
Tal på arbeidsforhold <sup>2</sup>	110	106	100	101

## 2.4 Føretaksspesifikke nøkkeltal

Nøkkeltal som gjeld Konkurransetilsynet er presenterte i tabellane nedanfor. Tabellane viser talet på saker tilsynet har til vurdering, som er ein del av aktivitetane i tråd med resultatkjeda. Dei viser òg talet på inngrep, avgjerder og høyringsfråsegner som representerer produkta og tenestene våre. Storleiken på gebyra er òg inkludert. I del 3 blir desse tala knytt opp mot dei effektane dei har og det blir presentert ytterlegare informasjon om ressursbruk og mål.

Mottekne saker	2020	2021	2022	2023
Meldingar om fusjonar og oppkjøp (§16)	93	156	160	113
Tips om konkurranseskadeleg åtfærd og lovbrøt (§§10/11)	379	377	328	367
Lempingssøknader	2	2	4	3
Mottekne høyringar	124	155	129	128

Etterforsking	2020	2021	2022	2023
Bevissikring § 25 - saker/stader	1/2	2/8	4/11	0
Forklaringsopptak § 24 - saker/tal	3/6	0	1/5	4/14

Vedtak, avgjersler og fråsegner	2020	2021	2022	2023
Inngrep mot fusjonar og oppkjøp (§ 16)	1	2	0	1

<sup>4</sup> [Her ligg det](#) meir informasjon om Konkurransetilsynets saksbehandling.



Tal på meldingar om fusjonar og oppkjøp trekt av partane etter varsel om mogleg inngrep (§ 16)	0	1	0	0
Avgjersler om å ikkje gripe inn i fusjonar og oppkjøp (§ 16) <sup>4</sup>	2 <sup>5</sup>	1 <sup>6</sup>	0	4
Vedtak om gebyr for lovbrøt grunna konkurranseskadeleg åtferd (§§ 10/11)	1	0	1	0
Vedtak om avhjelpande tiltak (§§10/11, § 16)	2	1	4	0
Påpeiking av skadelege offentlege reguleringar (§ 9e)	3	0	10	1
Høyringsfråsegn	15	6	13	15
Vedtak om gebyr for lovbrøt i samband med etterleving av meldeplikt til fusjonskontroll	2	1	0	0

Gebyr for lovbrøt i vedtak (TNOK) <sup>7</sup>	2020	2021	2022	2023
Konkurranseskadeleg åtferd	766 00	0	0	0
Fusjonskontroll: Brot på gjennomføringsforbod / opplysningsplikt / meldeplikt	0 <sup>8</sup>	3 000	0	0

## 3 Aktivitetar og resultat

### 3.1 Bruk av resultatkjede

For å illustrere korleis ressursane våre fører til gode resultat, brukar vi ei resultatkjede. Resultatkjeda viser korleis ressursar blir brukte på ulike aktivitetar. Målet er å skape best mogleg nytte for tenestene eller produkta våre, for ulike brukarar og for samfunnet som heilskap.

Ei viktig brukargruppe er næringslivet og deira representantar. Ei anna gruppe er politikarar og lovgjevarar, og ein tredje er forbrukarane. Vi vil hjelpe dei å forstå korleis reglar og reguleringar påverkar konkurransen. Eit av måla våre er å fremje konkurranse som eit verkemiddel for å få lågare prisar og betre utval for forbrukarane, noko som vil ha positive effektar for samfunnet generelt.

Det kan vere komplisert å måle effektane av Konkurransetilsynet sitt arbeid. Forholdet mellom det tilsynet gjer og dei positive effektane i samfunnet er ikkje alltid direkte eller lett å sjå. Nokre effektar oppdagar vi gradvis, og det er ofte vanskeleg å måle dei. Resultatkjedemodellen viser likevel sambandet mellom kva vi brukar ressursar på, kva vi gjer, og kva resultat vi oppnår.


<sup>4</sup> [Her ligg det](#) meir informasjon om Konkurransetilsynets saksbehandling.

<sup>5</sup> Talet er ulikt frå Årsrapport 2023, Høgsterett ga Schibsted medhald i februar 2023 om føretakssamanslutninga med Nettbil.

<sup>6</sup> Talet er ulikt frå Årsrapport 2023, då vedtaket blei trekt tilbake etter klage til Konkurranseskadenemnda.

<sup>3</sup> Beløp som kjem fram i vedtak. Ikkje justert for lemping, klageutfall eller manglande betalingsevne. I del 3 finnast det meir informasjon om status og utfall i saker etter klager, mm.

<sup>4</sup> Talet er ulik frå Årsrapport 2020, då vedtaka blei trekt tilbake etter klage til Konkurranseskadenemnda.



#### **INNSATSAFAKTORAR**

Samla tildeling for 2023 var 136,893MNOK. Dei tilsette er den viktigaste ressursen vår. I 2023 arbeidde desse til saman 87,70 årsverk, og 76 prosent av dei tildelte midlane gjekk til lønn.

#### **AKTIVITETAR**

Konkurransetilsynet passar på at føretak ikkje samarbeider på måtar som skadar konkurransen. Tilsynet hentar inn og analyserer informasjon om ulike marknader for å sjekke om føretak konkurrerer på lovleg vis og om konkurransen er velfungerande til forbrukarane sin fordel. Tilsynet følger opp tips eller klager om moglege brot på konkurranselova, og rettleier føretak og advokatar om korleis konkurranseregelverket fungerer. I tillegg blir det kvart år vurdert over 100 oppkjøp eller fusjonar for å sjå om dei kan gjennomførast utan å skade konkurransen. Tilsynet vurderer om eksisterande rammeverk og føreslåtte endringar kan ha negative konsekvensar for konkurransen. Kvart år gir vi uttalar om forslag til nye regelendringar eller lovforslag for å sikre at dei sikrar sunn konkurranse. Kvart år gir vi uttalar om forslag til nye regelendringar eller lovforslag for å sikre at dei sikrar sunn konkurranse. I [2023](#) kom vi ut med 15 høyringsfråsegner.

#### **PRODUKT / TENESTER**

Konkurransetilsynet grip inn når eit føretak bryt konkurranselova. Tilsynet kan gje bøter og personstraff for brot på lova, og kan krevje at føretak stoppar eller endrar avtalar som hemmar konkurransen. Tilsynet kan stanse oppkjøp eller fusjonar som skadar konkurransen. Om tilsynet er bekymra for at et oppkjøp eller ein fusjon kan skade konkurransen i ein marknad, kan føretak føreslå avhjelpande tiltak for å få gjennomført oppkjøpet eller fusjonen dersom det er mogleg utan at konkurransen blir skada. Tilsynet er aktivt og synlege i ulike marknader og saker, for å vise at konkurransereglane gjeld alle marknader og næringar. Tilsynet er synleg i offentlegheita med kronikkar, høyringsfråsegner, utsegner i media og ved å halde foredrag. Vi seier frå når reguleringar i ein marknad bør endrast, for å sørge for at verksemdar kan konkurrere betre.

#### **BRUKAREFFEKTA**

Når føretak konkurrerer på ein lovleg måte, jobbar dei hardt for å tilby det beste for kundane sine. Dei prøver å bruke råstoff, pengar, arbeidskraft og transport på den mest effektive måten. Dette førar til at føretak blir meir oppfinnsame og tilpassar produkta sine til etter kva kundane vil ha. Resultatet blir at produkta og tenestene blir billigare eller av betre kvalitet. Konkurransetilsynet sine vedtak minner næringslivet om å halde seg innanfor konkurranselova. Dette har ein førebyggjande effekt: føretak vil ikkje risikere bøter, dårleg rykte, erstatningskrav, personlege straffer eller fengsel. Tilsynet sitt mål er at føretak skal få ei betre forståing for kva som er lovleg og ulovleg samarbeid. Føretak kan tipse tilsynet om avtaler dei meiner kan vere skadeleg for konkurransen, og om dei sjølv er ein del av dei. Ved å melde frå, kan dei unngå eller få reduserte straffer. Politikarar og lovgjevarar får betre innsikt i korleis lover og reglar påverkar rammevilkår for konkurransen. Dei tek denne kunnskapen med seg og vil ta omsyn til dette ved endringar i regelverket.

#### **SAMFUNNSEFFEKTER**

Dei konkurranseproblema vi tar opp, skal føre til positive endringar for forbrukarar og næringsliv. Når føretak opererer i marknader utan konkurransehindringar, blomstrar innovasjon og produktivitet. Sterkare konkurranse i marknadene fører til mindre økonomisk kriminalitet. Dette førar til større arbeidsmoglegheiter og gir forbrukarane tilgang til eit breiare utval av varer og tenester til betre prisar. Norske føretak blir meir konkurransedyktige også utanfor landets grenser. Ved offentlege innkjøp blir skattebetalarane sine pengar brukt på ein betre måte. Det offentlege kan tilby varer og tenester av god kvalitet utan å betale meir enn nødvendig. Vår innsats sikrar at offentlege ressursar blir nytta effektivt, og at norske føretak står sterkt, både heime og internasjonalt.

### **3.2 Samla vurdering av oppnådde resultat**

Her blir det gitt ei overordna vurdering av oppnådde resultat i høve til måla i Konkurransetilsynet sitt tildelingsbrev for 2023. Vidare skildrar årsrapporten aktivitetane på kjerneområda våre og korleis desse bidreg til å fremje konkurranse.

#### **Aktiv handheving av konkurranselova og konkurransereglane i EØS-avtalen**

Det følger av konkurranselova og tildelingsbrevet for 2023 at Konkurransetilsynet skal bidra til auka konkurranse og dermed bidra til effektiv bruk av samfunnet sine ressursar. For å nå målet om auka konkurranse har Konkurransetilsynet i 2023 arbeidd målretta med å avdekke, sanksjonere og førebyggje konkurransekriminalitet.

Sjølv om det i 2023 ikkje har vore gjennomført nye bevissikringar, har det vore brukt mykje ressursar på å arbeide med og slutføre og arbeide med omfattande etterforskingssaker i marknader knytt til daglegvaremarknaden, apotekmarknaden, marknaden for tenestepensjon og marknaden for flyttetjenester. Desse er viktige marknader for forbrukarane. Ei etterforsking mot aktørar i marknaden for entreprenørtjenestar vart i 2023 avslutta da vi ikkje fann grunnlag for å gå vidare med saka.

Konkurransetilsynet har dei siste åra vore oppteken av å setje klare rammer for signalisering av pris mellom konkurrentar i media. Vi ser heilt klart ein positiv effekt av dette arbeidet til dømes i daglegvaremarknaden og i bankmarknaden. Vi har òg understreka betydninga av bevisste forbrukarar, særleg når det gjeld å samanlikne prisar frå konkurrentar i drivstoffmarknaden, og i marknaden for bank.

Konkurranseskilnemnda oppheva i 2023 Konkurransetilsynet sitt vedtak mot aktørar i bokmarknaden i ein sak der tilsynet meinte det var tale om ulovleg informasjonsutveksling mellom konkurrentar i ein konsentrert marknad. Evaluering er viktig i alle saker, og det har vore spesielt viktig for tilsynet og sjå på kva slags lærdom ein kan trekkje ut av denne saka.

Som pådrivar for konkurranse har vi peikt på tydinga av å leggje til rette for bruk av konkurransemekanismar, mellom anna i korleis anbodskonkurransar og krav i offentlege innkjøpsprosessar er utforma. Konkurransetilsynet har òg arbeidd for at data frå offentlege anbodskonkurransar kan brukast til å avdekkja ulovleg samarbeid.

Eit tema som Konkurransetilsynet har sett søkelyset på i 2023 er arbeidsmarknaden. Tilsynet tok initiativ til å utarbeide ein ny nordisk rapport om konkurranse i arbeidsmarknaden i lag med dei andre nordiske konkurransemyndigheitene. Arbeidet med rapporten har mellom anna nytta undersøkingar blant norske føretak som indikerer at avtalar om å ikkje rekruttere kvarandre sine tilsette ikkje er uvanleg.

Ei viktig oppgåve for Konkurransetilsynet er å gripe inn mot føretakssamanslutningar som kan vere skadelege for konkurransen. Konkurransetilsynet fekk 113 meldingar om fusjonar og oppkjøp i 2023, ein nedgang samanlikna med 160 meldingar i 2022. Av dei 113 meldingane vart 96 prosent avslutta innan 25 verkedagar. Av dei sakene som måtte vurderast nærare, blei eit oppkjøp stansa, medan tre andre samanslutningar vart tillate etter ei grundig vurdering. I 2020 forbaud Konkurransetilsynet føretakssamanslutninga mellom Schibsted og Nettbil. I byrjinga av 2023 forkasta Høgsterett tilsynet si anke til staten over Gulating lagmannsretts dom som oppheva Konkurransseklogenemnda sitt vedtak frå 2021. Høgsterett var ikkje samd med konkurransestyresmaktene i at Finn og Nettbil var konkurrentar, og kom derfor til at føretakssamanslutninga mellom Schibsted og Nettbil kunne tillatast.

Ein viktig del av kontrollen med føretakssamanslutningar er krav om opplysningsplikt for enkelte aktørar i konsentrerte marknader. Opplysningsplikta gjer at aktørane må gje opplysningar om alle oppkjøp, òg dei som er under dei ordinære terskelverdiane for meldeplikt. I 2023 vidareførte Konkurransetilsynet krav om opplysningsplikt for utvalde aktørar i fleire marknader.

Ein av kjerneverdiane til Konkurransetilsynet er å halde eit høgt fagleg nivå i alle ledd og på alle område av tilsynsverksemda. I 2023 gjennomførte vi ei rekkje tiltak for å sikre dette, mellom anna leiarutvikling på fleire nivå i organisasjonen. Vi har òg lagt vekt på å ha gode interne prosessar med klart ansvar og godt samarbeid på tvers av avdelingar. Å halde eit høgt fagleg nivå er også nært knytt til kompetanse. For å sikre at vi har rett kompetanse vart det gjennomført tiltak for å sikra gode moglegheiter for kompetanseutvikling og alternative karrierevegar. Det kan òg nemnast at vi gjennomfører interne evalueringar etter alle store saker. Konkurransetilsynet skal ha ein profesjonell og serviceinnstilt kontakt med brukarar. Eit døme på korleis vi jobbar med slik kontakt, er at vi har regelmessige møter med Advokatforeningen og bransjeforeiningar.

### **Regelverkssaker i EØS, EØS-enkelt saker og anna internasjonalt samarbeid**

I 2023 har Konkurransetilsynet vore ein aktiv deltakar i alle formelle og uformelle fora som EØS-avtalen gir høve til. Dette inkluderer deltaking i 20 ulike arbeidsgrupper og sektorvise undergrupper i det europeiske konkurransenettverket European Competition Network (ECN). Tilsynet har òg delteke på to plenarmøter og to generaldirektørmøter, og halde Nærings- og fiskeridepartementet (NFD) oppdatert om regelverksutviklinga på konkurranseområdet i EU. I 2023 har EU-kommisjonen sitt arbeid med Digital Market Acts, som skal regulere digitale plattformer, vore eit viktig fokusområde. I tillegg har Konkurransetilsynet hatt tett dialog med Efta sitt overvåkingsorgan ESA og konkurransetilsyna i dei andre Efta-landa, mellom anna gjennom deltaking i Efta Competition Network.

Konkurransetilsynet sitt engasjement i det nordiske samarbeidet er særleg viktig. I tillegg til tett kontakt på leiarnivå, møtast dei nordiske konkurransestyresmaktene årleg for å diskutere aktuelle tema. Eit av temaa som vart diskutert i 2023 var konkurranseutfordringar i daglegvaremarknaden. Vidare samarbeider dei nordiske konkurransestyresmaktene aktivt i sju ulike nettverksgrupper. To av dei nyaste gruppene utvekslar erfaringar med teknisk etterforskning og analyse av data frå offentlege innkjøp. I 2023 har Konkurransetilsynet også leia arbeidet med ein nordisk om konkurranse og arbeidsmarknader.

I 2023 har tilsynet òg hatt ei aktiv rolle i andre internasjonale fora. Deltakinga vår i OECD sin Konkurransekomité og det internasjonale konkurransenettverket (ICN) har vore viktige arenaer for å hente og dele kunnskap og erfaringar. I 2023 har Konkurransetilsynet vore med å leie arbeidet i ICN si arbeidsgruppe for å styrkje kunnskapsgrunnlaget for vurdering av føretakssamanslutningar. Konkurransetilsynet har gjennom året hatt tett dialog med NFD om arbeidet vårt som representant for Noreg i OECD.



Det internasjonale arbeidet gir eit solid fundament for effektiv utføring av våre oppgåver med å handheve konkurranselova i Noreg, og sikrar at vi oppfyller samfunnet sine forventningar til effektiv konkurransepolitikk.

### **Aktivt informasjonsarbeid om konkurranselova**

For å vere synleg i norsk offentlegheit har Konkurransetilsynet i 2023 drive aktivt informasjonsarbeid om konkurranselova i ei rekkje ulike kanalar. Mellom anna er det offentleggjort ei rekke høyringsfråsegner, kronikkar, rapportar, fagartiklar, foredrag og tilsette har delteke på relevante konferansar. Konkurransetilsynet har òg arrangert den årlege juskonferansen i 2023. Tilsynet bruker sosiale medium aktivt, og har vidareført arbeidd med å produsere podkast og webinar om aktuelle tema. For å nå ut med informasjon til små og mellomstore føretak har vi arbeidd for å styrkje samarbeidet med næringslivet sine interesseorganisasjonar og lokale næringslivsforeiningar. Å nå ut med informasjon til dei som endå ikkje har gått ut i arbeidslivet er òg viktig. I løpet av 2023 kom åtte skuleklassar på besøk til Konkurransetilsynet for å lære meir om konkurransepolitikk.

For å vere meir synlege og sikre høg merksemd om våre saker og arbeidet vårt, har kommunikasjonsavdelinga arbeidd målretta med å sikra at tilsynet nyttar eit klart, tydeleg og forståeleg språk i kommunikasjonen vår. Det har vore gjennomført kurs for tilsette i klart språk. Klart språk er ei føresetnad for all offentleg kommunikasjon og dette er eit premiss i alt i frå pressemeldingar til intervju.

Aktivt informasjonsarbeid resulterte i over fem og eit halvt tusen medieoppslag i 2023.

### **Daglegvaremarknaden**

Daglegvaremarknaden har vore eit prioritert område for Konkurransetilsynet i mange år. For å nå målet om å styrkje konkurransen i daglegvaremarknaden, har Konkurransetilsynet etablert daglegvaremarknaden som eit eige satsingsområde. Saker relatert til denne marknaden vil bli prioritert.

I tillegg til å jobbe med etterforsking i den såkalla prisjegersaken, har tilsynet òg gitt ulike faglege råd og tilrådingar for å styrkje konkurransen i marknaden. Tilsynet har mellom anna vore tydelege mot aktørane i marknaden på at det å opplyse om prisendringar i media ikkje er bra for konkurransen. I 2023 har Konkurransetilsynet arbeidd vidare med å kartleggje prisforskjellar og årsaka til slike forskjellar, vurdert tiltak mot prisdiskriminering, og bidrege til at det vart etablert ei forskrift om negative servituttar på næringsareal knytt til daglegvaremarknaden. I tillegg starta ei kartlegging av marginar i dei ulike ledda i verdikjeda. Vidare laga tilsynet ein rapport om korleis faste prisjusteringssystem kan ha bidrege til å avgrense konkurransen. Tilsynet har vidare halde fram kartlegginga av rammevilkår som kan påverke konkurransen i marknaden. Konkurransetilsynet har òg skrive høyringsvar, mellom anna har tilsynet tilrådd at dei konkurransefremjande verkemidla i meierisektoren blir vidareførte.

Alle tiltaka som det vart jobba med innan daglegvaremarknaden vart omtala i ein [daglegvarerapport for 2023](#) som vart publisert ved årsskifte.

### **Konkurranse i ein digital økonomi**

Digitalisering er ei viktig drivkraft for økonomisk vekst og produktivitetutvikling. For å handtere utfordringane og bidra til å realisere potensialet, har Konkurransetilsynet etablert handheving i den digitale økonomien som eit eige satsingsområde.

Konkurransetilsynet prioriterer saker knytt til digitale marknader. Vi utviklar ny kompetanse i handheving av slike saker. Tilsynet deltek aktivt i dei undergruppene i ECN som gjeld den digitale økonomien og digitale marknader. I tillegg har tilsynet kontakt og samarbeid med både utanlandske og andre norske myndigheiter om spørsmål som gjeld handheving i den digitale økonomien.

Mot slutten av året vedtok leiinga i Konkurransetilsynet å etablere ei eining for data og analyse. Hovudmålet med eininga er fleirdelt: Den skal fungere som ei serviceeining for heile tilsynet, vere ei drivkraft i utviklinga av digitale løysingar, førebu verksemda på endringane som kjem med bruk av kunstig intelligens i arbeidskvardagen, og byggje opp evna til å samle inn og analysere store datamengder. Eininga skal hjelpe til med innsamling, handsaming, analyse og visualisering av data. I tillegg skal den støtte dei andre avdelingane med oppgåver som krev spesialisert digital kompetanse, og ta ansvar for større prosjekt som krev særskild digital kompetanse. Å utvikle kapasiteten og kompetansen i denne eininga blir ein nøkkelaktivitet i 2024.

### Miljø og berekraft

Tilpassing til ei berekraftig utvikling er ei av dei store samfunnsutfordringane. Berekraft vil prege alle delar av næringslivet framover, og aktørar må omstille seg. I denne omstillinga spelar konkurranse ei nøkkelrolle. Konkurranse driv fram innovasjon og omstilling, og konkurransepolitikken er viktig for overgangen til ein berekraftig økonomi.

Ein sentral del av arbeidet til tilsynet i 2023 har vore å bidra med god informasjon om dei rammene føretaka kan operere innanfor for styrkje berekraft. For å styrkje rettleiinga, oppretta vi i 2022 ei eiga temaside om berekraft og konkurranse på Konkurransetilsynet si heimeside. Berekraft vart etablert som eit strategisk satsingsområde i 2022.


Vi har òg vore aktiv i pådrivararbeidet på området, mellom anna gjennom høyringsfråsegner. Her har tilsynet peika på tiltak for å styrkje konkurransen i marknaden for lading av elbilar, korleis konkurranse kan gi billigare utbygging av havvind, og at skjerpa miljøkrav ved offentlege anbod kan verke mot si hensikt. Konkurransetilsynet har vore synlege i debatten om viktigheita av konkurranse for å nå berekraftmål, gjennom kronikkar og podkastar.

### 3.3 Ressursbruk

Dei dyktige medarbeidarane våre, som er juristar, økonomar, og andre med spesialkompetanse, møter stadig nye utfordringar. Handheving i ein digital økonomi krev nye tilnærmingar, ny teknologi og meir ressursar.

I 2023 handterte tilsynet fleire saker om mogleg ulovleg samarbeid og misbruk av dominans.

Samanlikna med 2022, der vi såg ein auke i fusjonsmeldingar, opplevde vi ein fallande tendens i 2023. Vi avslutta 96% av fusjonssakene innan 25 dagar. Ein effektiv fusjonskontroll sparar ressursar for næringslivet og bidreg til velfungerande konkurranse.



Usikkerheita i den digitale økonomien, som er sterkt prega av nye forretningsmodellar og [algoritmebasert pricing](#), utfordrar oss stadig til å utvikle metodane våre for innsamling og analyse av

data. I 2022 oppretta vi tverrfaglege produktteam som har bidradd til forbetra effektivisering og kvalitet i dataanalysen. I mars 2023 etablerte vi ein eigen maskinlæringsplattform for analyse av eksterne og interne data.

Vi har nytta 2023 til å vurdere ein ny struktur på korleis vi arbeider med digitalisering. Opprettinga av ei ny eining for data og analyse blir iverksett frå 2024. Den skal utvikle løysingar og verktøy for å effektivisere arbeidet vårt, og integrere ny teknologi og arbeidsmetodar for å halde tritt med utviklinga i den digitale økonomien. Målet er ikkje å berre følgje med, men å vere eit steg føre i å handtere digitale utfordringar.

Sidan januar 2023 har medarbeidarane våre registrert prosjekttimer i løysinga frå DFØ. Dette verktøyet har vore eit viktig steg i å få betre oversikt og styring av ressursane våre. I 2024 vurderer Konkurransetilsynet å innføre eit nytt, meir avansert verktøy for effektiv prosjektstyring. Dette vil forbetre kapasiteten, og gi oss djupare innsikt i framdrift i prosjekt og ressursbruk, og mogleggjere meir presis rapportering og evaluering av prosjekt.

### 3.4 Kartellavdekking og ulovleg samarbeid

Å avdekke kartell og handheve reglane mot ulovleg samarbeid er eit av Konkurransetilsynet sine hovudoppdrag. Når føretak samarbeider på måtar som skadar konkurransen er det ulovleg. Dette kan vere når føretak blir einige om prisar, deler marknader seg imellom, utvekslar informasjon som dei ikkje skal, eller avgrensar kor mykje dei sel eller produserer. Slike samarbeid kan føre til at vi må betale meir for varer og tenester.

Konkurransetilsynet held oppsyn med alle typar marknader. Vi kan starte undersøkingar på grunnlag av egne funn, klager frå andre, tips vi får inn, eller [søknader om lemping](#) (amnesti) frå føretak som rapporterer om egne ulovlege handlingar. For å avdekke og stoppe ulovleg samarbeid, treng vi tips. På [nettsida vår](#) har vi ein funksjon som lar tipsarar snakke med oss anonymt og sikkert. Vi har teieplikt om tipsaren sin identitet både under og etter ei eventuell etterforsking.

Merksemda kring våre bevissikringar og etterforskingar har ein preventiv effekt, og førebyggjer potensielt ulovleg samarbeid mellom konkurrentar. Grunna pågåande etterforskingar i store krevjande saker, vart det ikkje opna etterforsking i nye saker i 2023.

#### Pågåande [etterforskingar](#)

Konkurransetilsynet starta etterforsking og gjennomførte bevissikring i mai 2021 hos Apotek1 Gruppen (Apotek1), Norsk Medisinaldepot (Vitus apotek) og Alliance Healthcare (Boots). Tilsynet undersøker om aktørane har utveksla konkurransesensitiv informasjon. Etterforskinga er framleis pågåande.

Hausten 2021 vart det opna etterforsking og gjennomført bevissikring hos aktørar i marknaden for flyttetjenester for mistanke om utveksling av konkurransesensitiv informasjon. Etterforskinga er pågåande. Sjå [her](#).

Etterforskinga av Rema, Coop og NorgesGruppen held fram etter at tilsynet i desember 2020 varsla vedtak for brot på forbodet mot konkurransehemmande samarbeid. For nærare omtale sjå 3.7 Daglegvaremarknaden.

#### Avslutta etterforsking i marknaden for entreprenørtenestar

#### [Ulovleg samarbeid](#)

Konkurranselova § 10 forbyr samarbeid mellom føretak som har til formål eller verknad å hemme konkurransen. Dette gjeld ikkje berre formelle avtalar, men også uformelt samarbeid som kan skade konkurransen. Til dømes om to konkurrentar samtykkjer om å heve prisane sine, bryt dei lova.

Dette forbodet omfattar alle typar samarbeid, både føretak på same nivå (horisontalt) og mellom føretak på ulike trinn i verdikjeda (vertikalt).

Men, det er ein unntak: Det første føretaket som fortel Konkurransetilsynet om eit ulovleg samarbeid, kan sleppe gebyr. Dette kallar vi [amnesti](#).

Hausten 2023 avslutta Konkurransetilsynet etterforskingssak mot aktørar i marknaden for entreprenørtenester. Sjå [pressemelding](#).


### Vedtak mot aktørar i bokmarknaden vart oppheva

Konkurransetilsynet ila 29. november 2022 gebyr på til saman 545 millionar kroner til forlaga Gyldendal, Cappelen Damm, Vigmostad & Bjørke og Aschehoug, samt Bokbasen, for ulovleg samarbeid i strid med konkurranselova § 10. Forlaga og Bokbasen vart skulda for å utveksle framtidige prisar og annan konkurransesensitiv informasjon. I november 2023 oppheva Konkurransetilsynet vedtaket, og saka er no endeleg avgjort.

I denne saken hadde Konkurransetilsynet ikkje høve til å bringe vedtaket inn for domstolsapparatet, men for framtidige saker vil tilsynet ha slik moglegheit etter ei lovendring. Sjå [pressemelding](#).

Konkurransetilsynet tar til etterretning at Konkurransetilsynet har ei anna vurdering enn tilsynet i denne saken. Tilsynet går grundig gjennom vurderinga frå nemnda og vurderer om avgjersla kan påverke framtidige saker.

### Vedtak om lovbrotsgebyr for ulovleg samarbeid og misbruk av dominans 2013-2023<sup>9</sup>



### Resultatkjede knytt til Konkurransetilsynet sitt arbeid med kartellavdekking/ulovleg samarbeid

#### INNSATSAKTIVITETAR

- Ressursar frå alle marknadsavdelingane og stabar
- Oppretthalde ressursbruk i prioriterte etterforskingssaker

#### AKTIVITETAR

- Pågåande etterforsking mot aktørar i daglegvaremarknaden
- Pågåande etterforsking mot aktørar i ein helserelevanter marknad
- Pågåande etterforsking mot aktørar i marknaden for flyttetjenester
- Vurdering av tips om kartell og ulovleg samarbeid
- Aktiv deltaking i internasjonale arbeidsgrupper om avdekking av kartell, metodar for etterforsking osv.
- Aktiv dialog med offentlege innkjøparar og aktørar i næringslivet, informasjon om lemping og tipsordning, synleg i media

#### PRODUKT/TENESTER

- Gebyr som var pålagt Gyldendal, Cappelen Damm, Vigmostad & Bjørke, Aschehoug og Bokbasen for ulovleg samarbeid i bokmarknaden blir oppheva
- Utarbeidd [informasjonsmateriale](#) om risiko knytt til ulovleg samarbeid

<sup>9</sup> Tabellen er forskjellig frå Årsrapport i 2022 da vedtaket frå Bokbasesaken blir annullert.



#### BRUKAREFFEK TAR

- Tovegs anonym dialog gjennom tipskanal legg til rette for fleire tips om ulovleg samarbeid
- Verksemd retta mot offentlege innkjøparar og næringslivsaktørar er utført for å fremje avdekking av ulovleg samarbeid mellom konkurrentar

#### SAMFUNNSEFFEK TAR

- Utveksling av informasjon om pris, marknadsdeling og andre former for ulovleg samarbeid går utover forbrukarane, som må betale ein høgare pris enn om føretaka hadde konkurrert. Når ulovleg samarbeid blir stansa eller forhindra, vil fordelane av konkurranse komme forbrukarane til gode i form av meir innovasjon, lågare prisar og betre utval.

### 3.5 Misbruk av dominans

#### Pågåande etterforskingssaker

I februar 2022 vart det gjennomført bevissikring hos KLP, Norges største pensjonsselskap, for mistanke om brot på konkurranselova § 11.. Mistanken gjeld KLP si verksemd i marknaden for tenestepensjon, og det er teke beslag i relevant materiale for å få bekrefte eller avkrefta mistanken om brot på konkurranselova. Med over 710 000 nordmenn som mottar pensjon gjennom KLP og 948 milliardar kroner i forvaltningskapital, spelar verksemda ei viktig rolle for mange i offentlig sektor, spesielt for i norske kommunar. Etterforskinga er pågåande.

#### Avhjelpande tiltak

Føretak som Konkurransetilsynet etterforskar, kan foreslå avhjelpande tiltak når som helst under etterforskinga. Desse tiltaka kan vere endringar i eiga åtfærd eller strukturelle endringar i føretaket for å redusere konkurranseproblema saka bringer fram. Å foreslå slike tiltak betyr ikkje at føretaka innrømmer skuld. Når Konkurransetilsynet bestemmer seg for å sette i verk avhjelpande tiltak, er dette uavhengig av om det er brot på konkurranselova. Eit vedtak om slike tiltak forpliktar føretaka til å etterleve krava.

#### Misbruk av dominans

Konkurranselova § 11 forbyr føretak med dominerande marknadsstilling å misbruke posisjonen sin. Eit føretak er dominerande dersom det kan handle uavhengig av konkurrentane, kundane, og forbrukarane. Føretak i ein slik posisjon har eit særleg ansvar for å unngå at deira åtfærd hemmar konkurransen. Misbruk kan innebere handlingar som underprising, lojalitetsrabattar, eksklusivavtalar, marginskvis, leveringsnekt eller urimelege forretningsvilkår.

Du finn meir informasjon om kva dette inneber på [sida vår om misbruk av dominerande stilling](#).

### Resultatkjede knytt til Konkurransetilsynet si handheving av forbodet mot misbruk av dominans

#### INNSATSFAKTORAR

- Ressursar frå alle marknadsavdelingar og stabar
- Prioritering av saker etter ressursbruk og effektar

#### AKTIVITETAR


- Pågåande etterforsking mot KLP i marknaden for tenestepensjon
- Vurdering av tips og klager om mogleg misbruk av dominans

#### PRODUKT/TENESTER

- Etterforskingssaka mot KLP følger planlagde milepælar, inkludert kontakt og dialog med selskapet samt rettslege avklaringar.



## Avslutning av fusjonssaker der Konkurransetilsynet har sendt varsel om mogleg inngrep 2013-2023<sup>11</sup>



### ØB Group og Betongvarer

Våren 2023 la Konkurransetilsynet ned forbod mot ØB Group sitt oppkjøp av Betongvarer. Tilsynet kom til at oppkjøpet ville føre til redusert konkurranse i ein lokal marknad for ferdigbetong, og dermed høgare prisar på ferdigbetong. Vedtaka vart ikkje påklaga til nemnda. Sjå [pressemelding](#).

### Axess Logistics AS – Auto Transport Service AS konkursbu

I januar vart saka som gjaldt Axess Logistics sitt kjøp av Auto Transport Service sitt konkursbu avslutta. Tilsynet vurderte nærare effektane av kjøpet. Etter ei konkret vurdering kom tilsynet til at det ikkje var tilstrekkeleg bevist at oppkjøpet vil føre til ei betydeleg svekking av konkurransen i marknaden for "Finished Vehicle Logistics" (FVL). FVL-tenester omfattar klargjering og transport av køyretøy frå produksjonslokalet til forhandlaren eller sluttkunden. Sjå [avgjersla](#).

### Skion Water International og Enwa

Saka om Skion Water International sitt kjøp av Enwa vart avslutta i april. Det var ikkje i tilstrekkeleg grad sannsynleggjort at føretakssamanslutninga mellom Skion og Enwa i betydeleg grad ville hindre

<sup>11</sup> Tabellen er korrigert frå tidlegare år med følgjande:

føretakssamanslutninga mellom Schibsted og Nettbil ble endra frå "Forbod" til "Avslutta utan inngrep" i 2020;

føretakssamanslutninga mellom DnB og Sbanken ble endra frå "Forbod" til "Avslutta utan inngrep" i 2021;

søyla for 2022 inneheldt 1 sak for mykje.

effektiv konkurranse i marknaden for utstyr og tenester knytt til vatnbehandling av badeanlegg. Tilsynet kom til at det er lågare tersklar for nye aktørar å etablere seg i marknaden for utstyr og tenester knytt til vatnbehandling og badeanlegg enn kva som fyrst var anteke. Vidare har kundar moglegheita til å utlyse anskaffingar som tilbodskonkurransar, noko som kan føre til fleire konkurransedyktige leverandørar, uavhengig av deira tidlegare marknadsandelar. Sjå [avgjersla](#).

### Nordea og Danske Bank

I juni 2023 varsla Danske Bank at dei ville trekke seg ut av det norske privatmarknaden for å styrkje si rolle som forretningsbank. Nordea varsla oppkjøp av privatkundeverksemda månaden etter. I desember avslutta Konkurransetilsynet handsaminga av saka utan inngrep. Med dette kjøpet overtok Nordea 285 000 norske kundar og auka marknadsandelen sin med fem prosent. Tilsynet vurderte at fusjonen ikkje ville svekke konkurransen betydeleg innan lån, private banking eller kollektive avtaler, og såg potensiale for effektivitetsgevinstar til fordel for kundane. Sjå [pressemelding](#).

### Norwegian og Widerøe

I august varsla Norwegian føretakssamanslutninga med Widerøe. Ifølgje selskapa vil oppkjøpet styrkje tilbodet til passasjerane ved å knyte Widerøes regionale rutenett nærare saman med Norwegian nasjonale og internasjonale ruter. Konkurransetilsynet gjennomførte ei grundig vurdering og valde å avslutte saka utan inngrep fordi det ikkje var tilstrekkeleg klart at samanslutninga ville hindre effektiv konkurranse i marknaden for kommersiell lufttransport i betydeleg grad. Til saman skal selskapa fly totalt 107 ulike rutar i Norge kor berre fem rutar overlappar. Planen er at Widerøe framleis skal bestå som eige flyselskap, med eiga merkevare, organisasjon og hovudkontor i Bodø. Dermed vart Norwegian sitt kjøp av Widerøe godkjent i desember. Sjå [pressemelding](#).

### Resultatkjede fusjonskontroll

#### INNSATSFAKTORAR

- Alle marknadsavdelingane arbeider med fusjonskontroll
- Juridisk og økonomisk stab gir støtte i prioriterte saker, med informasjonspålegg, marknadsundersøkingar med meir
- Prioritering av saker etter ressursbruk og marknadseffektar

#### AKTIVITETAR

- Konkurransetilsynet fekk 113 meldingar om føretakssamanslutningar
- Avslutta 108 meldingar om føretakssamanslutningar innan 25 verkedagar
- Påla og følgde opp [opplysningsplikt i konsentrerte marknader](#)
- Marknadsovervaking for å vurdere behov for pålegg av meldeplikt eller opplysningsplikt, og pålagt meldeplikt der nødvendig

#### PRODUKT/TENESTER

- Føretakssamanslutninga mellom ØB Group og Betongvarer vart forboden
- Føretakssamanslutninga mellom Axess Logistics og Auto Transport Service konkursbu godkjend
- Føretakssamanslutninga mellom Skion Water International og Enwa godkjend
- Føretakssamanslutninga mellom Nordea og Danske Bank godkjend
- Føretakssamanslutninga mellom Norwegian og Widerøe godkjend

#### BRUKAREFFEKAR

- Føretaka etterlever meldeplikt og opplysningsplikt
- Føretaka skrinlegg planar om konkurranseskadelege fusjonar og oppkjøp
- Ordning med forenkla melding og dei raske avklaringane til tilsynet der det er mogleg gjer at næringslivsaktørane kan gjennomføre fusjonar og oppkjøp som ikkje skadar konkurransen raskare



#### SAMFUNNSEFFEK TAR

- Konsentrasjonsaukar som ville ha ført til dårleg konkurranse blir førebygde
- Forbrukarar hadde merka konkurranseavgrensing i marknadene i form av høgare prisar, dårlegare utval og mindre innovasjon

### 3.7 Daglegvaremarknaden

Daglegvaremarknaden har lenge vore ein marknad Konkurransetilsynet har prioritert høgt. 2023 var prega av inflasjon og markant prisauke på matvarer, med nesten 10 prosent gjennom året. Forklaringa handlar om fleire forhold: krig i Europa, høgare råvare- og transportkostnader, samt etterverknadar av pandemien. I ein så viktig marknad er det avgjerande at konkurransen fungerer godt, slik at prisane på matvarer vil falle når kostnadene gjer det.

Konkurransetilsynet er nøgd med at det var mykje debatt rundt konkurransen i daglegvaremarknaden òg i 2023. Auka merksemd rundt dette temaet bidreg til betre kunnskap og meir bevisste forbrukarar, som igjen kan styrkje konkurransen.

Næringsministeren varsla tre tiltak for daglegvaresektoren den 12. januar 2023: marginstudie i daglegvaremarknaden, undersøking av mogleg signalisering av pris i media, og ei undersøking av prisdanning i daglegvaremarknaden. Konkurransetilsynet fekk i supplerande tildelingsbrev 1. februar 2023 oppdrag å følgje opp desse tiltaka. To av oppdraga vart fullførte i 2023, medan marginstudiet krev noko lenger tid å gjennomføre.

For Konkurransetilsynet er det viktig å trekke merksemd mot tydinga av sunn konkurranse i alle ledd i verdikjeda, frå bonden til forbrukar. Konkurranse er ikkje berre bra for forbrukarane, men òg for dei som produserer råvarene som nyttast i dei produkta vi kjøper i butikkane. Tilsynet er engasjert i pådrivararbeid i heile sektoren og held tett kontakt med aktørar på alle ledd i kjeda.

I det følgjande omtalast nokre av dei viktigaste aktivitetane i 2023.

#### Etterforskingssaka mot Rema, Coop og NorgesGruppen

I desember 2020 varsla Konkurransetilsynet vedtak mot Rema, Coop og NorgesGruppen for brot på forbodet mot konkurransehemmande samarbeid. I varselet er den foreløpige vurderinga at kjedene har samarbeida om å gje kvarandre sine prisjegerar tilgang til butikkane sine, slik at kjedene kan overvake og tilpasse seg prisane til konkurrentane. Tilsynet si vurdering i varselet er at dette samarbeidet har avgrensa priskonkurransen mellom daglegvarekjedene.

Etterforskinga held fram og er høgt prioritert av Konkurransetilsynet. Tilsynet har beslaglagt store mengder dokumentasjon frå kjedene, i tillegg til å hente informasjon frå andre kjelder. Partane har levert omfattande tilsvar og kommentarar til varselet, inkludert økonomiske og juridiske rapporter. Tilsynet vurderer materialet grundig og vil deretter konkludere.

#### Opplyningsplikt

Konkurransetilsynet kan etter konkurranselova § 24 krevje at føretak gir opplysningar ved fusjonar og oppkjøp, særleg i marknader med svak konkurranse eller høg marknadskonsentrasjon.

Dette er fordi sjølv kjøp av mindre føretak kan skade konkurransen, og potensielt føre til høgare prisar og dårlegare tilbod for forbrukarane.

Føretak må derfor informere om alle føretakssamanslåingar, sjølv dei som er under grensa for meldeplikt.

Opplyningsplikta varer i to år. Les meir [her](#).

## Lokal konkurranse

I 2023 gjennomførte Konkurransetilsynet ei grundig kartlegging av den lokale konkurransen i daglegvaremarknaden. Tilsynet oppdaga at ein del av daglegvarekjedene sin omsetning er skjerma for lokal konkurranse og identifiserte lokalområda med spesielt høg konsentrasjon.

Daglegvarekjedene treng nasjonalt nærvær for å kjempe om kundane der dei er, nemleg i sine lokale marknader. Den lokale og nasjonale konkurransen er derfor i samspel. Lokal marknadsmakt påverkar kjedene sine nasjonale prisar og kan føre til høgare prisar. Samtidig setter dei nasjonale prisane vilkår for lokal konkurranse. Det er derfor viktig at tilsynet følgjer med på lokale konkurranseforhold.

## Margin og lønnsstudie

Næringsministeren kunngjorde i januar 2023 at marginane i daglegvaremarknaden skulle undersøkast nærmare som ei følge av den høge prisveksten på daglegvarer. Konkurransetilsynet fekk i oppdrag å følge opp tiltaket på ein egna måte, og vedtok å kartleggje dei siste åras utvikling i både produktmarginar og lønnsemd på verksemdsnivå, hos daglegvarekjedene og eit utval leverandørar. Resultata skal brukast i arbeidet med å styrkje konkurransen i daglegvaremarknaden.

Undersøkingane vil gje unik innsikt i konkurransen i verdikjeda for daglegvarer. Mellom anna vil dei vise om prisøkningane dei siste åra var knytt til kostnadsaukingar hos leverandørar eller kjeder, eller om det var marginane som auka; korleis auka kostnader bevegar seg nedover i verdikjeda, og korleis auke i etterspurnad bevegar seg oppover i verdikjeda; forholdet mellom marginar hos eigne merkevarer (EMV) og merkevaremarginar; og om nokon deler av verdikjeda er særleg lønsame over tid.

Nærings- og fiskeridepartementet inviterte aktørane til eit innspelsmøte i juni 2023, der dei fekk leggje fram innspel til korleis undersøkinga burde gjennomførast. I etterkant har tilsynet innhenta store mengder informasjon og hatt fleire møter med aktørane. Arbeidet med å kvalitetssikre og ferdigstille resultata vil halde på inn i 2024.

## Prisdanning i daglegvaremarknaden

15. desember 2023 publiserte Konkurransetilsynet rapporten om effekten av vindauga for prisjustering på konkurransen i daglegvaremarknaden. Ordninga med vindauge for prisjustering går tilbake til 2001 og inneber at endringar i leverandørane listepreis skjer til to faste tidspunkt kvart år, 1. februar og 1. juli. Rapporten konkluderte med at ordninga med faste prisjusteringar sannsynlegvis har virket konkurransehemmande, og at det vil vere til fordel for konkurransen viss dette systemet stansar.

Funna i rapporten gir viktig informasjon til konkurransemyndigheitene sitt vidare arbeid med daglegvaremarknaden. [Les rapporten her](#)

## Prissignalisering/kommunikasjon av prisar i media

Utover hausten 2022 og vinteren 2023 såg ein ei auke i medieoppslag der aktørar i daglegvaremarknaden uttala seg om venta prisstigningar i etterkant av det såkalla vindauget for prisjustering 1. februar 2023. [Slik informasjon kan skade konkurransen og føre til høgare prisar](#). Etter møter med fleire sentrale aktørar i daglegvaremarknaden snudde trenden, og tilsynet observerte at dei fleste daglegvareaktørane no svarar på spørsmål om framtidig prising med å seie at dette er informasjon som ikkje bør delast i media.

I møta vart aktørane oppmoda til å avstå frå å kommunisere kommande prisaukingar i media. Sjølv om signalisering av pris kan vere forbode etter konkurranselova, var ingen av møta baserte på mistanke om ulovleg åtferd.

Sjølv om Konkurransetilsynet meiner at møta gav positive resultat, held tilsynet fram med å vere særleg årvakne på kommunikasjon om framtidige prisar i daglegvaremarknaden.

### **Kartlegging av forskjellar i innkjøpsprisar**

Konkurransetilsynet har sidan 2018 samla inn detaljert informasjon om kva dei tre største daglegvarekjedene betaler for varene frå ei rekke av dei største leverandørane i marknaden. Kartlegginga av prisforskjellar er ein viktig del av Konkurransetilsynet si oppfølging av daglegvaremarknaden, og vil derfor halde fram som ein del av tilsynet sitt arbeid med konkurransen i marknaden.

Kartlegging av forskjellar i innkjøpsprisar viser at [forskjellane har gått vesentleg ned](#) frå undersøking starta.

### **Høyring om forslag til reduksjon i dei konkurransefremmande tiltaka i meierisektoren**

Dei konkurransefremmande tiltaka i meierimarknaden vart innført i 2007 og hadde til formål å styrkje konkurransen i meierimarknaden ved å kompensere for ulike ulemper aktørar møter i konkurransen mot Tine.

Regjeringa sendte 10. juli 2023 på [høyring](#) eit forslag om å redusere dei konkurransefremmande tiltaka. Forslaget innebar å fjerne distribusjonstilskotet på mjølk og ein del av den spesielle kapitalgodtgjeringa til meieriselskap utanom Tine. Konkurransetilsynet advarte i sitt høyringssvar mot at forslaget ville føre til ein svekking av ein allereie svak og skjør konkurranse i meierimarknadene.

Regjeringa har likevel vedtatt å kutte i dei konkurransefremmande tiltaka i samsvar med forslaget. Endringane trer i kraft 1. juli 2024.

### **Daglegvarerapport**

Konkurransetilsynet har publisert ein [daglegvarerapport for 2023](#). I rapporten skildrar tilsynet konkurransen i marknaden og forklarar bakgrunnen for det arbeidet tilsynet gjer. I rapporten peikar tilsynet på kva tiltak som må til for å betre forholda for sunn konkurransen i marknaden.

### **Resultatkjede for Konkurransetilsynet sitt arbeid i daglegvaremarknaden**

#### **INNSATSAKTIVITETAR**

- Ressursar frå avdeling for mat, handel og helse og andre einingar i tilsynet
- Prioritering av ressursar til daglegvaremarknaden

#### **AKTIVITETAR**

- Generell marknadsovervaking
- Etterforskar sak om ulovleg samarbeid i sak der det er varsla milliardgebyr
- Kartlegging av forskjellar i daglegvarekjedene sine innkjøpsprisar frå dei 16 største leverandørane i marknaden
- Svar på høyring om endringar i dei konkurransefremmande tiltaka til konkurrentar til Tine
- Rapport om praksisen med vindauge for prisjustering
- Studie av marginar og lønnsemd iverksett
- Arbeid mot signalisering av prisar i daglegvaremarknaden

- Undersøking av lokal konkurranse på butikknivå
- Vurderingar av fusjonsmeldingar og kontroll av om opplysnings- og meldeplikt etterlevast
- Jamlege møter med Dagligvaretilsynet, Forbrukarrådet og Landbruksdirektoratet
- Møter med ulike aktørar i marknaden
- Deltaking på næringsministeren sitt seminar om daglegvaremarknaden, Arendalsuka, Debatten, Dax18, innlegg på DLF Generalforsamling, innlegg hos Oslo Economics om konkurransen i meierimarknadene, deltaking i podkast for Virke og Konkurransetilsynet

#### PRODUKT/TENESTER

- Rapport om prisjusteringsvinduer i daglegvaremarknaden
- Høyringssvar
- Dagligvarerapport for 2023 (publisert januar 2024)
- Kronikkar
- Opplysningsplikt om daglegvarebutikkar
- Påpeiking til kommunar

#### BRUKAREFFEK TAR

- Bidreg til at aktørar i daglegvaremarknaden følgjer konkurranselovera
- Marknadsovervaking disiplinere aktørane i marknaden
- Meir opplyste forbrukarar

#### SAMFUNNSEFFEK TAR

- Betre konkurranse i daglegvaremarknaden kjem forbrukarane til gode ved lågare prisar, meir innovasjon og betre utval

### 3.8 Konkurranse i ein digital økonomi

Konkurransetilsynet rettar særleg merksemd mot konkurransen i digitale marknader. På internasjonalt plan har tilsynet i 2023 som tidlegare delteke i det europeiske konkurransenettverket (ECN) si gruppe for utforming av DMA. Tilsynet har òg delteke i ECN si gruppe for konkurranse i den digitale marknaden. Vidare har Konkurransetilsynet ambisjonar om å bli endå betre til å handtere utfordringar knytt til konkurransen i digitale marknader og marknadsaktørar sin aukande bruk av digitale verktøy som kan gi konkurranseskade. Det er derfor sett i gang fleire interne prosjekt som skal auke tilsynet sin kompetanse på området og gjere oss enda betre i stand til å avdekke konkurranseproblem i den digitale økonomien.

#### 3.8.1 Maskinlæringsplattforma

Ei stor satsing for Konkurransetilsynet i 2023 var etableringa av ein maskinlæringsplattform. Plattforma vil blant anna gjere det mogleg å studere korleis prisingsalgoritmar fungerer i praksis, og gjev nye moglegheiter i behandlinga av kvantitative og kvalitative analysar av marknadsdata frå ei rekkje interne og eksterne kjelder ved å nytte maskinlæring og kunstig intelligens. Dessutan arbeidar vi med behandling av andre typar data, som å transkribere tale til tekst og med oppsummering og indeksering av dokument. Vi samarbeider med nye føretak som kan forbetre og utvide vår portefølje av analysar, samstundes som vi aukar kvaliteten og hastigheita på analysane.

Kartellavdekking har lenge vore eit høgt prioritert område for Konkurransetilsynet. Offentlege anskaffingar utgjer per 2023 om lag 700 milliardar kroner, og avdekking av sjølv små kartell vil føre til store offentlege sparingar. Vi samarbeider tett med andre offentlege etatar, som Direktoratet for forvaltning og økonomistyring, om utveksling av data for å betre forstå ulike marknader, og avdekke potensielle kartell. I tett samarbeid med andre konkurransemyndigheiter utvekslar og utviklar vi



metodar for kartellavdekking for å sikre at analysane våre er gode nok til å avdekke nye typar ulovleg samarbeid og alvorlege brot på konkurranselova.

### 3.8.2 Marknadsetterforskningsverktøyet

Våren [2023 sendte Nærings- og fiskeridepartementet](#) eit forslag om å gje Konkurransetilsynet eit nytt verktøy for å handtere utfordringar i digitaliserte marknader på høyring. Forslaget inneber ei endring i konkurranselova slik at Konkurransetilsynet kan setje i gang undersøkingar dersom det er forhold som tilseier at konkurransen i ein marknad eller delar av ein marknad er avgrensa, eller står i fare for å bli avgrensa. Vidare kan tilsynet, etter å ha gjennomført ei grundig analyse av konkurranseforholda i den konkrete marknaden, treffe vedtak om avhjelpande tiltak for å styrkje konkurransen.

I omtalen av behovet for ny lovgjeving vart det vist til at det er naudsynt å endre konkurranselova for å handtere utfordringar knytt til digitaliseringa av økonomien. I Konkurransetilsynet sitt [høyringssvar](#) vart det peika på at auka digitalisering og meir komplekse marknader understrekar behovet for å få på plass eit regelverk som også gir rammer for handtering av framtidige utfordringar.

Konkurransetilsynet deler departementet si uro for at auka bruk av algoritmar kan leggje til rette for stillteiane samarbeid, og at dagens lovgjeving ikkje i tilstrekkeleg grad er egna til å løyse slike utfordringar. I tillegg kan behovet for marknadsetterforskning gjere seg gjeldande i framveksande marknader, til dømes marknader der det er tilbod av tenester som i stor grad er basert på bruk av kunstig intelligens.

### 3.8.3 Prisalgoritmar

I juni 2023 bidrog Konkurransetilsynet med ein artikkel til OECD om [konkurransemessige effektar av at føretak bruker algoritmar for prising](#). Disse algoritmane, som justerer prisar automatisk basert på konkurranter sine prisar og marknadsforhold om tilbod og etterspørsel, har blitt stadig meir utbreidd blant norske føretak. [Allereie i 2021](#) observerte tilsynet at slik teknologi var ganske vanleg blant norske føretak, og vi forventar at bruken vil fortsetje å auke. Det positive er at algoritmane kan gi store effektivitetsgevinstar ved at dei mogleggjer rask og nøyaktig tilpassing til marknadsendingar, spesielt i marknader prega av betydeleg kortsiktige svingingar av tilbod- og etterspurnad. Men sjølv om algoritmebasert prising kan være bra for forbrukarane, er det også klar risiko for at slik teknologi svekker konkurransen.

Konkurransetilsynets OECD-bidrag analyserer ny økonomisk forskning og samanfatar både kva positive og negative verknader algoritmeprising kan ha, og skildrar moglege tiltak som kan avhjelpe skadelege verknader. Konkurransetilsynet vil fortsette å følgje nøye med på utviklinga knytt til algoritmeprising for å vere best mogleg i stand til å gjere noko der det oppstår konkurranseskade.

## 3.9 Pådrivar for konkurranse

Konkurransetilsynet skal vere ein pådrivar for velfungerande konkurranse. Å vere synlege og gje rettleiing skal føre til betre kunnskap om Konkurransetilsynet sitt arbeid og auke næringslivet si kjennskap til konkurransereglane og etterleving av desse. Auka merksemd om konkurranse som verkemiddel for effektiv ressursbruk kan bidra til utvikling av betre løysingar, inkludert endringar i reguleringar som opnar for auka konkurranse. Vi har stor variasjon i våre pådrivar- og rettleiingsaktivitetar, noko som kjem fram i tabellen nedanfor. Våre tiltak og kanalar for å auke kunnskapen om konkurranselova spenner frå mykje merksemd i media til enkle innlegg i sosiale medium. Vi har fleire viktige målgrupper å nå, og derfor er det naudsynt å vere aktive med informasjonsarbeid på mange ulike flater og nivå.

### Rettleiing

Konkurransetilsynet er opptatt av å tilby [rettleiing](#) til ulike aktørar som tek kontakt, og vi gjer dette på ein rekkje ulike måtar. Tilsynet har omfattande informasjon om konkurranselover på [heimesidene](#), og svarar generelle spørsmål på telefon og fysiske møter. Vi held foredrag og innlegg på kurs og konferansar når vi blir inviterte av bransjeorganisasjonar eller andre relevante aktørar. I januar vidareførte vi [opplysningsplikta til aktørar i konsentrerte marknader](#) og [lanserte videoar for enkel innføring i konkurransereglane](#).

Tilsynet kan ikkje rettleie i konkrete saker, men kan tilby generell informasjon om reglar og om tidlegare praksis. Tilsynet sine vedtak inneheld omfattande rettslege og økonomiske vurderingar som kan overførast til andre saker og problemstillingar. Ekspertane våre skildrar aktuelle tema innanfor konkurranselovgevinga i [Konkurransespodden](#) og [ulike kronikkar](#) om emnar som effektiv konkurranse, prisregulering, og fusjonskontroll. Den årlege [juskonferansen](#) i juni tilbyr også verdifull rettleiing og innsikt i norsk og EU/EØS lovgjeving.

### Konkurranseshemmande reguleringar

Tilsynet lanserte i 2021 ein tipsfunksjon kor næringsdrivande og andre kan tipse oss om reguleringar som blir oppfatta som konkurransehemmande. I 2023 fekk vi 72 tips som vart vurdert for oppfølging. Desse tipsa bidreg til at Konkurransetilsynet kan ta hand om oppgåvene sine etter konkurranselover § 9e, som er å påpeike konkurranseregulerande verknader av offentlege tiltak.

### Resultatkjede pådrivar for konkurranse

#### INNSATSFAKTORAR

- Ressursar frå kommunikasjonsstab, stab for eksterne relasjonar og marknadsavdelingane
- Mediovervaking

AKTIVITETAR	2023
Besøk på konkurransetilsynet.no	381 063
Nynorsk innhald på kt.no	25,8%
Miljøklassifisering konkurransetilsynet.no	A (Carbon rating)
Total abonnentar på nyheitsvarsel frå Konkurransetilsynet	902
Følgjarar på sosiale medium	8748
Nynorsk innhald på sosiale medium	32,6 %
Rettleiing telefon	Ikkje talfesta
Tal webinar	4
Føredrag	33
Innsynsbejæringar	775 (offentleg innsyn)
Tal podkastepisodar	6
Tal podkastepisodar	6
Total nedlasting av podkast	10256
Tal kronikkar	15
Tal konferansar	1
Tal høyringsfråsegn	15
Tal rapportar	2
Tal påpeikingar	1
Tal skulebesøk	8
Tal tips konkurransehemmande reguleringar	72
Tal medieoppslag	5692
Klart språk-kurs internt	6
Møter med partar og næringsliv	Ikkje talfesta

#### PRODUKT/TENESTER

- Auka merksemd

#### BRUKAREFFEKTER

- Auka kjennskap til Konkurransetilsynet sitt arbeid og konkurranselova
- Fleire føretaksleiarar gjer aktive tiltak for å syte for at verksemda følgjer konkurransereglane
- Fjerne konkurransehemma reguleringar for å få virksom konkurranse

#### SAMFUNNSEFFEKTER

- Velfungerande marknader som gir lågare priser, betre utval og kvalitet, og større grad av innovasjon

### 3.10 Internasjonalt arbeid

I 2023 har Konkurransetilsynet styrka si rolle i viktige internasjonale fora. Vi har vore aktive i OECDs Konkurranseskomité og Europeiske konkurransenettverket (ECN). Vi samarbeider òg med nordiske og internasjonale partnarar gjennom det [nordiske samarbeidet](#) og International Competition Network (ICN). Gjennom dette samarbeidet deler vi kunnskap og lærer av andre, noko som er styrkar vår evne til å fremje rettferdig konkurranse. Nokre høgdepunkt frå det internasjonale arbeidet er følgjande:

- Gjennom EØS-avtalen har vi ansvar for å handheve konkurransereglane. I 2023 deltok vi i både formelle og uformelle møter knytt til EØS, noko som sikrar at vi er oppdaterte og bidreg aktivt i viktige diskusjonar.
- Vi held Nærings- og Fiskeridepartementet løypande informert om regelverksinitiativ og saker som utviklar seg i ECN-nettverket.
- Arbeidet med utforminga av Digital Markets Act (DMA) er blant dei regelverksinitiativa som det har vore særleg viktig å følgje og rapportere på. DMA er ein EU-forordning som siktar mot å regulere store digitale plattformer for å fremje rettferdig konkurranse og verne om forbrukarar og mindre aktørar i digitale marknader. Vi har delteke i møter knytt til DMA i ECN- og Efta-samanheng, og bidrege i ei interdepartemental arbeidsgruppe.
- Vi har opprettheldt tett kontakt med Efta sitt overvåkingsorgan ESA i ulike saker. I tillegg samarbeider tilsynet med dei andre Efta-land gjennom Efta Competition Network. I oktober møttest Konkurransedirektørane i Liechtenstein for å diskutere aktuelle saker.
- For å handheve konkurransereglane effektivt, er det viktig med god dialog med andre konkurransemyndigheiter i Europa. I august fekk vi [besøk frå Bundeswettbewerbbehörde i Austerrike](#). I dette bilaterale møtet delte vi erfaringar om konkurransen i ulike marknader, inkludert drivstoff-, energi- og daglegvaremarknaden.
- Konkurransetilsynet representerer Noreg i OECD sin Konkurranseskomité. I tillegg til [årsrapporten til OECD for 2022](#), bidrog vi med tre skriftlege innlegg [om vurdering av kommunikasjon av konkurranseintervensjonar](#), [algoritmisk konkurranse](#) og [optimal utforming og organisering av konkurransemyndigheiter](#).
- Det nordiske samarbeidet på konkurranseområdet har utvikla seg gradvis frå det vart etablert i 1959. Det omfattar erfaringsutveksling i fleire nettverksgrupper og praktisk samarbeid. I 2023 møttest dei tekniske etterforskarane hos det finske konkurransetilsynet i Helsinki. Dei diskuterte blant anna sikring av data frå mobile einingar og frå skya. Vidare var Konkurransetilsynet vertskap for eit møte i ein nordisk nettverksgruppe som utvekslar erfaringar med innsamling og analyse av data frå offentlege innkjøp.
- Det årlege møtet mellom dei nordiske konkurransemyndigheitene vart gjennomført på Marstrand, der kvar av dei nordiske tilsyna deltok med ein stor delegasjon. I den samanhengen organiserte Konkurransetilsynet eit møte i gruppa som arbeidde med ein ny nordisk rapport om konkurranse i arbeidsmarknaden. Vi deltok òg aktivt i dei andre

temamøta om daglegvaremarknaden, algoritmar og midlertidige vedtak. Vidare har dei nordiske konkurransedirektørane hatt jamleg kontakt i løpet av året, mellom anna ved det årlege generaldirektørmøtet, som i år var på Island.

- ICN er eit globalt nettverk for konkurransemyndigheiter. Saman med konkurransestyresmaktene i Canada, europeiske konkurransemyndigheiter, DG Comp og konkurransestyresmaktene i Mauritius leier tilsynet éi av arbeidsgruppene i ICN, ICN Merger Working Group. Vi har vore med å arrangere webinar om i) Non-horizontal theories of harm and competition analysis, ii) Remedies in digital mergers, og iii) Use of empirical analysis. Vi var òg ansvarlege for [ein workshop for sjeføkonomar](#) i nettverket i Bergen i mai. [Årsmøtet i ICN](#) vart arrangert i Barcelona. Her leia konkurransedirektøren eit panel som diskuterte utfordringar med fusjonar i digitale marknader. I tillegg var tilsynet ansvarleg for ein parallell sesjon som fokuserte på etterforskingsteknikkar i fusjonskontrollen.

### 3.11 Miljø og berekraft

Berekraftig utvikling og konkurransepolitikk står sentralt i Konkurransetilsynets arbeid. Berekraft vil prege alle deler av næringslivet framover, noko som krev at aktørar må tilpasse seg. Gjennom konkurransepolitikken ser vi på konkurranse som eit kraftfull verktøy for innovasjon, omstilling, og ein katalysator for ein berekraftig utvikling av norsk økonomi.

Konkurransereglane må brukast og handhevast på ein måte som fremjar berekraft. Det betyr at Konkurransetilsynet aktivt handhevar brot på konkurranselova som hemmar berekraft. Samtidig er konkurransetilsynet opptekne av at konkurransereglane ikkje skal stå i vegen for samarbeid som er positive for ein berekraftig utvikling. I 2023 har vi oppdatert [temasidene om berekraft og konkurranse](#), for å rettleie føretak om kva slag samarbeid er lovleg, og forklare korleis standardar for berekraft kan støtte både konkurranse og berekraft.

#### Bidrag til grøn omstilling

Konkurransetilsynet har aktivt bidratt til å fremje god konkurranse i marknader som er viktige for berekraft og for at Noreg skal nå sine klimamål. I 2023 har Konkurransetilsynet mellom anna levert ei rekke høyringssvar relatert til marknader og tema som er viktige for den grønne omstillinga, til dømes:

- [Havvind, der vi har argumentert for betre konkurranse i tildelinga av areal](#). Dette er viktig fordi det kan føre til meir kostnadseffektive og berekraftige løysingar ved å inkludere fleire aktørar tidleg i tildelingsprosessen.
- [Forenklingar i regelverket for brukthandel](#). Endringar som blir føreslått vil gjere det enklare å handle med brukte varer, noko som vil fremje gjenbruk og bidreg til eit meir berekraftig forbruk. Initiativet er eit viktig ledd i å fjerne hindringar for nye forretningsmodellar, som bidrar til innovasjon og ein sunn konkurranse i marknaden for brukthandel.
- [Obligatorisk kortbetaling for alle ladeaktørar for elbilar](#). Vi har uttrykt skepsis til forslaget, på grunn av på risikoen for at slik regulering kan auke kostnadane og hindre utbygginga av ladestasjonar. Vi argumenterer for at aktørane sjølve bør kunne velje betalingsløysing, og foreslår heller å behalde kravet om moglegheit for lading utan avtale med operatøren, for å fremje fleksible og brukarvennlege løysingar.
- [Miljøkrav i offentlege anskaffingar, der](#) vi har uttrykt bekymring for at skjerpa krav kan føre til ineffektiv bruk av offentlege midlar utan å nødvendigvis fremje miljømål. Vi har argumentert for fleksibilitet og teknologinøytrale løysingar som kan oppnå utsleppskutt på ein meir kostnadseffektiv måte, samtidig som det stimulerer til innovasjon og konkurransefordelar.

Konkurransetilsynet har òg på andre måtar vore aktive i debatten om betydninga av konkurranse for å nå mål for berekraft, mellom anna gjennom kronikkar og Konkurransesopoden. Vi har

- [Understreka](#) viktigheita av å auke forbruket av berekraftige produkt.

- Vist korleis forbrukarval kan [forbrukarval kan drive fram innovasjon, og gjere berekraftige produkt meir tilgjengelege og billegare over tid.](#) .
- Vist at forbrukarmakt kan [bidra til miljøvennlege alternativ som suksessen med elbil har vist.](#)
- Lagt vekt på viktigheita av aktiv konkurransepolitikk, mellom anna gjennom ein podkastepisode om [ein sak der EU ila gebyr til emballasjeprodusentar for ulovleg prisauke](#) på miljøvennlege syltetøylokk.

### 3.12 Konkurransesfagleg forskning og utgreiing

Konkurransesfagleg forskning inngår i kunnskapsgrunnlaget til Konkurransetilsynet og tilsynet er opptekne av å støtte forskning i Noreg innan fagfeltet. Sidan 2014 har tilsynet finansiert uavhengig forskning om konkurranseforhold og pris- og konkurransepolitiske verkemiddel. Dette har ikkje berre styrkt forskingsmiljøa innan konkurranseøkonomi og -rett, og bidrege til litteraturen, men òg gitt tilsynet tilgang til forskingsbasert kompetanse i metodar og marknader. Forskingsprosjekta har i nokre tilfelle levert uavhengig evaluering av tilsynet sine saker og analysert effekten av dei i relevante marknader. Finansieringa har skjedd gjennom forvaltning av det alminnelege prisreguleringsfondet og gjennom tildeling av øyremarka midlar over budsjettet til Konkurransetilsynet. Dei siste utbetalingane i det alminnelege prisreguleringsfondet vart gjort i 2023 og ved årsskiftet vart fondet avslutta, men tilsynet har fått tilskot over budsjettet til å lyse ut forskingsmidlar også i 2024.

I 2023 dekkar dei pågåande forskingsprosjekta tema som berekraft og konkurransereglane, kartellpolitikk i Norden, konkurransen i ulike marknader, og ex post-analyse av ei fusjonssak i telekom-sektoren. Fleire forskingsprosjekt vart avslutta med gode resultat. Nokre artiklar har vore eller er i ferd med å bli publiserte i anerkjende tidsskrift.

For å formidle forskingsresultata har Konkurransetilsynet publisert artiklar på heimesida og presentert resultatet av arbeid vi har støtta i interne og eksterne samanhengar. Ei detaljert oversikt over forskingsprosjekta i 2023 er tilgjengeleg i vedlegg 2, medan ei fullstendig oversikt over alle forskingsprosjekt og artiklar er tilgjengeleg på vår [nettside](#).

Det vart i 2023 tildelt midlar på om lag to millionar kroner til to prosjekt som omhandlar mediemarknaden og konkurransen på digitale plattformer.

Konkurransetilsynet vart for 2024 tildelt om lag to millionar kroner i tilskot til konkurransefagleg forskning. Desse midla vil bli lyst ut i løpet av året. Nye prosjekt fremjar kunnskapsdeling mellom tilsynet og akademia. Vidare satsing på forskning og utgreiing bidreg til å styrkje kunnskapsgrunnlaget for konkurransepolitikken og sikre effektiv handheving av konkurranselova.

#### Tildeling av prisar for beste masteroppgåver

Kvart år sidan 2004 har Konkurransetilsynet delt ut ein pris til beste masteroppgåve innanfor dei to fagområda konkurranseøkonomi og konkurranserett. Prisen er på 25 000 kroner for kvart område. Formålet med denne prisen er å auke studentane si interesse for konkurransepolitikk og utvikle nettverket mellom akademia og tilsynet.

[I 2023 var det Øyvind Villanger](#) frå Universitet i Bergen som vart tildelt prisen innan konkurranserett med oppgåva "Forholdet mellom art. 102 TEUV og Digital Markets Act – Om hvordan Digital Markets Act supplerer forbudet mot misbruk av dominans i art. 102 TEUV".

[Her](#) kan du lese oppgåva til vinnaren og lese om tidlegare prisvinnarar.




## 4 Styring og kontroll i verksemda

### 4.1 Overordna vurdering av styring og kontroll i verksemda

#### Verksemdstyring

Strategiplan for 2022-2027 styrer korleis Konkurransetilsynet jobbar: kva vi prioriterer og kva vegar vi tar i denne perioden. Strategiplanen heng saman med andre viktige dokument, som verksemdsplan, månadsrapportar og årsrapport, i tillegg til føringane i tildelingsbrevet. Dette gir oss ein klar plan for kva vi skal fokusere på og korleis vi rapporterer resultat.

Når vi tek avgjerder om styring av verksemda, ser vi på kva resultat vi ønskjer å oppnå. Dette inneber at vi stadig vurderer korleis vi bruker ressursane våre for å skape best mogleg verdi for samfunnet. Vi justerer våre metodar og prioriteringar basert på denne balansen.



#### Etatsstyringsdialog

Konkurransetilsynet har ein løypande og konstruktiv dialog med avdelinga for konkurransepolitikk, selskapsrett og næringsøkonomi i Nærings- og fiskeridepartementet. Dialogen om effektane av arbeidet vårt står sentralt. I 2023 har fokusområda vore daglegvare, digitalisering, samt konkurranse og berekraft. Vi rapporterer om oppnådde mål i samsvar med krava i tildelingsbrevet og departementet sine bestillingar. Det ble gjennomført to etatsstyringsmøter i 2023.

#### Internkontroll og etterleving

Strategi- og verksemdsplanen vår omfamnar heile verksemda, og god internkontroll er ein føresetnad for å nå måla og ha god styring. Vi vurderer at vår internkontroll fungerer godt. Eit system for sikkerheit og avvikshandtering bidrar til effektiv risikovurdering og førebyggjande tiltak. Regelmessig og formålstenleg intern rapportering om økonomi og tidsbruk, samt systematisering av prioritering og evalueringar har saman med vidareutvikling av styringskompetanse bidrege til betre internkontroll i samband med styring. Internkontrollsystemet er dokumentert gjennom retningslinjer og kontrollprosessar, som dekker både saksbehandling og administrative prosessar. Vi jobbar kontinuerleg med å styrkje kompetanse og kultur innan informasjonstryggleik, etterleving av

forvaltningslova, offentleglova og personvernreglar. Resultata frå klagesaker i Konkurransklagenemnda bruker vi til å vurdere om det trengs tilpassingar.

## 4.2 Bemanning og organisasjon

### Arbeidsmiljø og kartlegging

I 2023 har verksemda arbeidd breitt med tiltak frå medarbeidarundersøkinga i 2022 (MUST). Vi har særleg sett søkelyset på forbetringar innan ytringsklima, leiarutvikling, samt kompetanse og læring. Dette er eit langsiktig arbeid vi vil halde fram inn i 2024.

Rundt 25 personar frå ulike leiarroller har delteke i to parallelle leiarutviklingsprogram som starta i 2022. Desse programma blir avslutta i første kvartal 2024, men lærdom og verktøy frå programma vil vi halde fram med å bruke i dagleg drift.

I tillegg til utvikling som skjer på arbeidsplassen og gjennom vidareutdanning og kurs, har tilsette delteke på konferansar, kurs og internasjonale møte digitalt og noko fysisk. Auka digitalisering har gjort det enklare å dele og heve kompetansen vår.

### Fjernarbeid og desentralisert arbeid

Moglegheit for heimearbeid er no blitt ei permanent ordning, som både leiinga og arbeidstakarane er nøgd med. Vi ser mange fordelar med denne ordninga, men er òg merksame på behovet for ekstra innsats i samhandling og å skape sosiale møteplassar. Dette sikrar sterkare jobbtilknytning og betre trivsel. Temaet er jamleg på agendaen i ulike samarbeidsorgan, i vernerundar og i leiinga.

I rekrutteringa kan vi opne for at nokre stillingar ikkje treng vere baserte i Bergen. Ytterlegare desentralisering gjennom lokalkontor vurderast som ikkje formålstenleg ut frå storleik og korleis arbeidsprosessar er tett integrerte på tvers av tilsynet.

### Nøkkelpetanse




## Rekruttere og behalde

I 2023 falt turnover til 8,9% frå 12% året før. Det er òg utfordringar med å rekruttere spesialkompetanse innanfor våre lønnsrammer. Dette gjeld mellom anna innan digitalisering.

### Nøkkeltal 2023 (2022)

Median ansiennitet	8 år (8 år)
Gjennomsnittleg ansiennitet	8,2 år (7,8 år)
Turnover	8,9% (12%)
Sjukefråvær	3,5 % (4,1%)

For å handtere desse utfordringane i ein konkurranseutsett arbeidsmarknad vil vi halde fram vårt strategiske arbeid for å behalde, utvikle og tiltrekke oss den kompetansen vi treng for å utføre vårt samfunnsoppdrag. Eit eksempel er å vere synleg for potensielle nye arbeidstakarar er deltaking på karrieredagar, besøk av studentar og elevar og traineeopphald.



### 4.3 Inkludering, mangfald og likestilling

Eit sunt, trygt, ope og respektfull arbeidsmiljø er viktig for oss. Vi jobbar målretta med helse, miljø og tryggleik for trygge arbeidsforhold og likebehandling, noko som er reflektert i overordna strategi med tilhøyrande tiltaksplanar. Gode resultat innan HMS krev eit sterkt engasjement og god leiarkompetanse, og dessutan eit godt og systematisk samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta. Konkurransetilsynet nyttar fleire metodar for å sikre arbeidsmiljøet, til dømes årlege medarbeidersamtalar, sluttsamtalar, vernerundar, partssamarbeid i arbeidsmiljøutval og månedlege samarbeidsmøte med tillitsvalde.

#### "Saman i sikkerheitsmånaden"

Kvar haust held vi "Helseveke", der markering av Verdsdagen for psykisk helse er ein raud tråd gjennom veka. I år kombinerte vi dette med tema frå nasjonal sikkerheitsmånad (NorSIS) og utvida til ein måned med læring og aktivitetar om nettsikkerheit, samhald og inkludering. Målet med kampanjen var å skape meir inkluderande møteplassar og bli mindre sårbar for å bli utsett for kriminalitet på nettet.

Andre inkluderande tiltak omfattar tilbod om influensavaksine, trening i arbeidstida og fleksibel bruk av heimekontor. Gravide får tilbod om samtale med jordmor og leiar på arbeidsplassen, slik at det kan leggast til rette for at den tilsette skal kunne stå lengst mogleg i arbeid gjennom svangerskapet.

I løpet av året har vi tilbydd ulike foredrag og felles møter om tema innan ytringsklima, varsling, mobbing, likestilling, diskriminering og mangfald. Desse tiltaka er ein del av vårt kontinuerlege arbeid for å sikre ein arbeidsplass der alle tilsette kjenner seg velkomne og verdsette, og der mangfaldet blant oss blir anerkjend som ein styrkje.

### **Inkluderande rekruttering- og personalstrategi**


Ein inkluderande rekrutterings- og personalstrategi er viktig for oss. Gjennom vår personalpolitikk arbeider vi for å hindre fråfall og leggje til rette for tilsettingar av medarbeidarar med nedsett funksjonsevne og innvandrarbakgrunn. Likevel hadde vi få søkjarar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en i 2023, med totalt sju nyttilsetjingar, men ingen frå denne gruppa.

Tiltak for mangfold, inkludering og likestilling	Resultat	Vegen vidare
<p>Kultur for mangfold</p> <p>Bevisstgjerjing av leiarar, rekrutterarar og tillitsvalde om målet for inkludering. Auka merksemd på leiarrolla gjennom leiarutviklingsprogram.</p> <p>God oppfølging, tilrettelegging, og restarbeidsevne, òg for eigne tilsette.</p> <p>Alminneleggjing av heile spekteret av sjukdom.</p> <p>Føredrag frå bedriftshelsetenesta om stressmeistring.</p> <p>Seminar og informasjon om mangfold og psykisk helse. Seminar om ytringsklima og skeivt mangfold.</p> <p>Retningslinje fjernarbeid og heimekontor for auka deltaking og tilrettelegging. Bruk av heimekontor kan òg reknast som eit tiltak for inkludering.</p>	<p>Redusert sjukefråvær. Auka tendens til bruk av eigenmelding og gradert sjukmelding framfor heil sjukmelding.</p> <p>Inkludering i intern kommunikasjon. Tilsynet søkjer å vise mangfaldet i organisasjonen, og å vise at alle er ei viktig brikke i organisasjonen.</p> <p>Fleire tilsette med nedsett funksjonsevne der arbeidsoppgåver og ansvar blir lagd til rette for den enkelte.</p>	<p>Auke verksemda si kunnskap innan inkludering, mangfold og likestilling gjennom auka merksemd, kurs og foredrag.</p> <p>Bruk av spesialkompetanse frå bedriftshelseteneste ved opplæring og rådgjeving.</p> <p>Bruk av heimekontor som ei fleksibel ordning. Evaluere retningslinje for fjernarbeid/heimekontor.</p> <p>Lære om temaet frå andre verksemdar.</p> <p>Arbeid med ytringsklima i 2024.</p>
<p><b>Rekruttering</b></p> <p>Utlysingstekster tilpassa for å tiltrekke oss søkjarar med nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en.</p> <p>Arbeidstakarar som ikkje har norsk som morsmål kan få tilbod om å delta på norskundervisning dekt av arbeidsgjevar.</p> <p>Etterleving av "Beste praksis" på rekruttering og onboarding. Grundigare jobb med jobbanalysen.</p> <p>Fleire leiarar, tillitsvalde og HR delteke på kurs i "Mangfaldsrekruttering".</p> <p>Tilsynet vil for aktuelle stillingar vurdere ein annan arbeidsstad enn Bergen.</p>	<p>Førebels for kort periode til å måle effekt. Dette er eit fleirårig arbeid. Endring i haldningar til rekruttering vil gje effektar over tid.</p> <p>Konkurransetilsynets tilsette har ni ulike nasjonalitetar, og ein har bakgrunn frå utanfor EØS og fleire som ikkje har norsk som morsmål.</p> <p>Kjønnsbalansen i organisasjonen og i leiargruppa i 2023 er i samsvar med mål.</p>	<p>Jobbe vidare med kravspesifikasjonar i utlysingstekster som balanserer omsyn til mangfold og kvalifikasjonsprinsippet.</p> <p>Konkurransetilsynet skal forankre rekrutteringsarbeidet vidare i organisasjonen i dette arbeidet, både hos leiarar og tillitsvalde. Utforming av utlysingstekst er ein viktig del av dette arbeidet.</p> <p>HR skal saman med leiging sikre den beste praksisen innan rekruttering med vekt på mangfold og inkludering, òg for lærlingar.</p>
<p>Universelt utforma nettsider og lokale for besøkjande og tilsette</p> <p>Konkurransetilsynets lokale er universelt utforma.</p> <p>Etterleving av EØS-direktiv om inkluderande kommunikasjon.</p>	<p>Nettsida konkurransetilsynet.no er utarbeidd i samsvar med krava som er sette til offentlege nettsider om universell utforming. Dei fleste krava som er oppfylte viser til oppsett og utforming av innhald.</p>	<p>I digitaliseringsstrategien legg Konkurransetilsynet vekt på korleis digitale hjelpemiddel kan bidra til inkludering.</p>
<p>Erfaringsutveksling og kompetanseheving</p> <p>Mesteparten av erfaringsutveksling har skjedd digitalt gjennom nettverk i Nærings – og Fiskeridepartementet og staten.</p> <p>Delteke på digitale samlingar og webinar hos DFØ og andre.</p>	<p>Deltaking i nytt HR-nettverk i departementet som gir verdifull erfaringsutveksling på relevante og aktuelle tema.</p>	<p>Bruke aktive nettverk til å forsterke og fornye eigen personalpolitikk.</p> <p>Fleire føredrag i nemnt nettverk.</p>

## Stabilt sjukefråvær

Dei siste åra hatt vi hatt ein nedgang i sjukefråvær og no er det stabilt lågt.

I 2023 falt sjukefråværet til 3,5% frå 4,1 % i 2022. Tilsynet retter særleg merksemd mot tilrettelegging ved sjukdom. Sidan vi no har gode rutinar på heimekontor, kan dette òg vere ei forklaring på auka arbeidsnærvær.<sup>12</sup>



## Lærlingar

Hausten 2023 tilsette vi ein lærling i service- og administrasjonsfaget. Tilsynet er knytt til Opplæringskontoret OK stat.


## Studentar

I 2023 deltok vi på to karrieredagar for studentar. For å tiltrekke studentar, hadde vi to praktikantar på om lag ein måned kvar, og ein arbeidslivspraksis på om lag seks veker. Konkurransetilsynet har hatt fleire besøk av skuleklassar frå den vidaregåande skulen, der vi i tillegg til å fortelje om handhevingsoppgøret vårt framhevar tilsynet som ein spennande arbeidsplass.

## Likestilling

### Talet på kvinner i leiande stillingar

I 2023 nådde vi målet vårt om at minst 30% av toppleiinga skulle vere kvinner, med ei leiargruppe på 4 menn og 6 kvinner.




## Likelønn

Når det gjeld likelønn mellom kjønn på alle stillingsnivå, er fordelinga relativt lik som i 2022, og løna

<sup>12</sup> Tal henta frå DFØ innsikt. Ved førre rapportering var fråværet for 2022 4,2%. Dette kan forklarast med korreksjonar hos DFØ i gjennom det føregåande året. I denne rapporten blir 4,1% frå 2022 brukt for samanlikning, sidan dette talet er nytta i den grafiske framstillinga.



til kvinner har auka i forhold til menn. Utanom konkurransedirektøren tener kvinner i leiargruppa 96,2% av det menn tjener. Dette er ei auke frå 95,8% i 2022. Generelt kjem skilnad av ulik tenestetid og ansvar. Vi har derfor ikkje planlagt eller sett i verk spesielle tiltak på dette området, men vi følgjer med og vil vurdere tiltak ved behov.



### Sjukefråvær og kjønn

I Konkurransetilsynet har kvinner (62,6%) eit høgare sjukefråvær enn menn (37,4%). Dette er ei trend vi òg ser nasjonalt. Det er mange hypotesar om årsaker til denne generelle forskjellen, men inga direkte forklaring. Tilsynet har fleire tiltak for å redusere sjukefråvær, og har eigne tiltak for å redusere sjukefråvær blant gravide kvinner, mellom anna god oppfølging. Alle gravide arbeidstakarar får tilbod om trepartssamtale og jordmor.

År	Tilsette	Deltid		Midlertidig tilsetjing		Foreldrepermisjon		Legemeldt fråvær	
		% menn	% kvinner	% menn	% kvinner	% permisjonsdagar menn <sup>13</sup>	% Permisjonsdagar kvinner <sup>14</sup>	% menn	% kvinner
2023	101	0	1,8	0	0	2,9	2,7	1,6	2,4
2022	100	0	1,9	0	0	6	9	2,5	2,5
2021	105	2,3	1,6	2,3	0	5,1	1,4	2,1	3,0

Konkurransetilsynet har som mål å tilsetje fast på heiltid, men gir samstundes delvis permisjon eller mellombels redusert stilling i samsvar med Arbeidsmiljølova og Hovudtariffavtalen dersom tilsette har behov for den tilrettelegginga.

### 4.4 Bruk av konsulentar og kommunikasjonstenester

Konkurransetilsynet har ikkje nytta kommunikasjonstenester i 2023. 1,023 mill. kroner ble brukt på eit program for leiarutvikling på fleire ledd i verksemda.

<sup>13</sup> Permisjonsdagar i prosent av totalt tal avtalte dagsverk menn

<sup>14</sup> Permisjonsdagar i prosent av totalt tal avtalte dagsverk menn

I tillegg kjøpte Konkurransetilsynet andre konsulenttenester for 2,743 mill. kroner i 2023. Disse tenestene omfatta stort sett sakkyndig bistand til etterforskning og rettsaker, hjelp med undersøkingar som er oppgitt i det supplerande tildelingsbrevet, teknisk støtte til anskaffing av maskinlæringsplattforma og utviklinga av arkivsystem, og bistand til rekruttering.

Totalt sett svarar bruken av konsulenttenester til omtrent 3,8 årsverk i 2023.

Konsulenttenester	2021	2022	2023
Konsulenttenester	1 840 350	1 377 000	2 743 791
Konsulenttenester kommunikasjonsrådgjeving	14 637	156 792	0
Konsulenttenester til organisasjonsutvikling	14 700	30 000	1 023 659

#### 4.5 Tryggleik og beredskap

Konkurransetilsynet skal innanfor sitt samfunnsoppdrag hjelpe næringslivet til å levere varer og tenester samfunnet etterspør, også under kriser. I 2023 heldt vi fram med systematisk arbeid med tryggleik og beredskap for å førebyggje hendingar som kan hindre oss frå å nå måla våre. Vi sikrar og dokumenterer tryggleiken etter Nasjonal strategi for digital sikkerheit med tilhøyrande tiltaksplan. Vi balanserer naudsynte tryggingstiltak og akseptabel risiko, utan at det går utover effektiviteten eller hindrar oss i å nå måla våre.

Vi har satt i verk formålstenlege tiltak og gått gjennom beredskapsplanane våre for å styrkje motstandsevna vår. Sidan vi i 2023 vart bedne om å vere ekstra årvakne grunna den alvorlege sikkerheitspolitiske situasjonen i Europa, har vi styrkt tryggleiken ytterlegare. Planen for krise- og beredskap følgjes opp og korrigerast løypande. I 2023 er det gjort ein utvida gjennomgang av krise- og beredskapsplanane. Planverket er oppdatert og følgjer anbefalingar i nasjonal strategi for digital sikkerheit.


Tryggingsarbeid i Konkurransetilsynet er risikobasert. Vi har gjennomført fire sikkerheitsøvingar for å sjekke at planane våre fungerer som dei skal. Avvikssystem og tryggingsøvingar bidreg til at vi oppdagar sårbarheiter og kan setje i verk tiltak som kan førebygge uønskte hendingar.

#### 4.6 Miljø, berekraft og grøn omstilling

På området for offentlege anskaffingar er Konkurransetilsynet ein relativt liten aktør. Vi deltek i alle avtalar inngått av Statens innkjøpssenter. I konkurransar vi har på eiga hand inkluderer vi miljø- og berekraftskrav i den grad det er relevant for konkurransen.

I Statens innkjøpssenter sin avtale på forbruksmateriell er det lagt vekt på å redusere talet på bestillingar (og leveringar) ved at det er satt eit gebyr om den enkelte verksemd bestiller for under 1000 kr. I tillegg har Statens innkjøpssenter krav om aukande bruk av køyretøy med null utslepp i "last mile"-leveransane. 85% av innkjøpa til Konkurransetilsynet er miljømerka produkt.

Tilsynet nyttar reisebyråportalen Egencia for tilgang til flyreiseavtalene. Avtaleprisene kjem opp som øvste treff på sidene og ein høg del av tilsynet sine reiser bruker avtaleprisene som er inngått av Statens innkjøpssenter. Reisekostnadene har blitt reduserte med 24% frå 2019 til 2023.



Lokala våre har BREEAM-sertifisering. I tillegg er det lagt opp til omfattande kjeldesortering. Utleigaren sin leverandør av kantinetenester jobbar òg med å redusere matsvinnet, blant anna gjennom rapportering av kor mykje mat som blir kasta kvar dag.

Utleigar har installert solcellepanel for å kutte straumforbruket. Dei vart installert i 2023, men har fram til no vore i prøvedrift.

## 5 Vurdering av framtidsutsikter

Digitalisering og ein utfordrande geopolitisk situasjon vil halde fram med å setje sitt preg på rammene for handheving av konkurranselova. Det er klart at konkurranse er ein sentral del av løysinga på utfordringane. I denne situasjonen blir det viktig å leggje grunnlaget for konkurranse på like vilkår, og ha tilgjengelege og fleksible handhevingsreiskapar.

I dette biletet kan kunstig intelligens skape nye utfordringar og moglegheiter, både for konkurransen og for forbrukarane. Men på same måte som då internett var nytt, veit vi ikkje nok om konsekvensane. For å forsterke dei positive effektane, og unngå at kunstig intelligens forsterkar eller skaper nye konkurranseutfordringar, er det viktig at tilsynet er førebudd med rett kompetanse og reiskapar.

### Handheving i den digitale økonomien

Digitalisering bidreg til omfattande teknologisk utvikling og innovasjon, og er ei viktig drivkraft for økonomisk vekst. Kunstig intelligens, god digital kompetanse og digital infrastruktur, saman med auka tilgjengelegheit og forsvarleg bruk av data, kan bidra til auka konkurranse og innovasjon.

For Konkurransetilsynet har det vore viktig å førebu seg for å handtere nye utfordringar som den digitale økonomien representerer, og samstundes utnytte potensialet for meir effektiv handheving.

Mellom anna har vi etablert ei eining for data og analyse som vil samle og bygge opp kompetanse retta mot kunnskapsbehova effektiv handheving i den digitale økonomien krev. I åra som kjem, skal eininga forsterke dei tradisjonelle handhevingsaktivitetane, auke omfanget av eigengenererte saker (ex officio), og utvikle nye verktøy for meir effektiv handheving. I 2024 vil vi utnytte moglegheitene kunstig intelligens gir, både gjennom maskinlæringsplattforma og anna saksbehandlingsstøtte. Ei spesiell utfordring er å få tilgang til og utnytte data i handhevingsssamanheng. Vi vil særleg rette merksemda mot tilgang og analyse av data frå offentlege innkjøp for å styrkje fusjonskontrollen.

Den digitale økonomien som er prega av store plattformsselskap med digitale økosystem understrekar tydinga av ei effektiv handheving og fusjonskontroll. EU har møtt utfordringane mellom anna med ny lovgjeving (DMA), som innfører åtferdsreglar for store plattformsselskap for å fremje opne marknader og velfungerande konkurranse i den digitale sektoren. DMA styrkjer kontrollen med kva plattformsselskapa som er underlagde lovgjevinga gjer med omsyn til fusjonar og oppkjøp. Fordi desse selskapa har aktivitet også i Noreg, er det viktig med gode samarbeidsmekanismar og at lovgjevinga dekkjer heile EØS-området. EU-kommisjonen sine reviderte retningslinjer for bruk av tilvisingar etter Artikkel 22 i EUs fusjonsforordning (EUMR) er eit godt døme på dette, der Konkurransetilsynet vil bruke moglegheitene for tilslutning der dette er aktuelt.

### **Effektiv fusjonskontroll**

Ein effektiv fusjonskontroll er i seg sjølv avskrekkande. I Noreg har Konkurransetilsynet gode verktøy til å handtere fusjonskontroll. Framover er det likevel viktig å vurdere om fusjonskontrollen er innretta slik at den er tilstrekkeleg effektiv og avskrekkande, særleg fordi meir økonomisk aktivitet skjer gjennom digitale plattformer. Dette inneber fleire utfordringar, mellom anna at marknadsavgrensinga må reflektere digitale realitetar, at vi må få til å forstå nye typar konkurranseskade, at tilsynet får nok informasjon om oppkjøp og transaksjonar som kan vere skadelege, og at tilsynet har moglegheit til å gripe inn der det er klar risiko for konkurranseskade. For tilsynet blir det viktig å sjå til utviklinga i EU for å sikre at vår fusjonskontroll er relevant og oppdatert i høve til den økonomiske utviklinga.

Vidare er det viktig at tilsynet har verktøy for å gjere noko med konkurranseutfordringar i marknader der det har utvikla seg ein struktur som i liten grad fremjar konkurransen. Regjeringas forslag om å innføre eit marknadsetterforskningsverktøy i konkurranselova er eit viktig tiltak i denne samanhengen. Om dette blir vedteke, er det avgjerande at tilsynet har kapasiteten og ressursar for å bruke det effektivt slik at det ikkje treng å redusere anna sakshandsaming.

### **Effektiv reaksjon mot lovbrøt**

Konkurransetilsynet har satt i gang ein intern prosess for å vurdere korleis vi som organisasjon er tilpassa målsettinga om effektiv handheving av konkurranselovas forbodsføresegner. Blant anna handlar det om korleis vi avdekkjer lovbrøt, samarbeider for å forstå skadepotensialet i ei sak, og planlegg effektiv sakshandsaming.

Betre vern av varslarar er viktig for tilsynets avdekking av lovbrøt. I 2023 gjorde vi meir for å etablere sikre varslingskanalar og styrkje handsaminga av innkomne tips, og tidleg i 2024 starta tilsynet ei ny kampanje for å oppmuntre til tips. Framover vil vi fortsette arbeidet med å aktivt nå ut til nøkkelgrupper med informasjon om konkurranselova og dei rammene den setter. Sentralt i dette arbeidet står offentlege innkjøparar, og små- og mellomstore verksemdar. Vi vil òg trekke på det etablerte samarbeidet med andre offentlege etatar, slik som A-krimssenteret i Vestland og andre plassar.

I tillegg til meir effektiv sakshandsaming, ser vi at personretta sanksjonar kan styrkje effekten av tilsynets arbeid for betre konkurranse. Moglegheit til å ileggje administrative sanksjonar overfor individ var på høyring i 2023, og vi ser fram mot avklaringar rundt regelverket på dette området.

For å sikre avdekking av lovbrøt og effektiv sakshandsaming bør vi framover vurdere om lempingsordninga fungerer etter hensikta. Lempingsordninga skal beskytte dei som informerer tilsynet om eigne ulovlege samarbeid mot sanksjonar slik at dei ser grunn til å samarbeide med Konkurransetilsynet. Då lempingsordninga vart innført i konkurranselova i 2004, var det store forventningar om meir avdekking av ulovlege kartell. Likevel medførte ordninga utfordringar i Noreg

som i andre land, særleg fordi lempingssøkjjarar ikkje er skjerma for erstatningssøksmål og personlege strafferettslege konsekvensar for de involverte.

### **Rekruttere og behalde**

Det er ein kjensgjerning at tilsynets medarbeidarar er vår viktigaste ressurs. For at Konkurransetilsynet skal lukkast med sitt samfunnsoppdrag, særleg når det gjeld effektiv handheving i den digitale økonomien, er det viktig å tiltrekke, utvikle og behalde medarbeidarar med relevant kompetanse.

For tilsynet er det det difor avgjerande å vere ein føretrekt og profesjonell arbeidsgjevar. Men arbeidsmarknaden, så vel som medarbeidaranes forventningar, er i stadig endring.

Tilsynets må derfor arbeide vidare med å vere fleksibel med omsyn til heimekontor og arbeidstid, og strekke oss langt for å tilby konkurransedyktige lønsvilkår. Vi må vidareutvikle tilsynet som arbeidsplass for at det skal vere gode moglegheiter for kompetanseoppbygging, ulike karriereveggar og fagleg utvikling for leiarar og fagekspertar. Framover vil det vere viktig å jobbe vidare med å få eit godt yringsklima og god kultur i organisasjonen, slik at tilsynet gjer det som er mogleg for å fremme motivasjon, god dialog i krevjande saker, og trivsel blant medarbeidarane.

## 6 Årsrekneskap

---

### 6.1 Kommentar frå leiinga

#### Stadfesting

Årsrekneskapen er i samsvar med "bestemmelser om økonomistyring i staten", rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå NFD i instruks for økonomistyring. Rekneskapen gir eit dekkande bilete av Konkurransetilsynets disponible tildeling, rekneskapsførte utgifter, inntekter, egedelar og gjeld.

#### Vurdering av vesentlege forhold

I 2023 har Konkurransetilsynet disponert tildelingar på kap. 911 post 01 tilsvarande 136,893 mill. kr. I tildelinga er det inkludert overført bevilling frå 2022 på 4,528 mill. kr. I tillegg har tilsynet disponert ei samla tildeling for 2023 på 6,247 mill. kr. på kap. 911, post 70 til konkurransefagleg forskning. I tildelinga er det inkludert overført bevilling frå 2022 på 4,102 mill. kroner.

Konkurransetilsynet har sidan 2014 lyst ut midlar frå det alminnelege prisreguleringsfondet til forskning på konkurranseforhold og pris- og konkurransepolitikk. I 2021 var det ikkje midlar igjen i fondet til ei ny tildelingsrunde, og det vart vedteke å tildele midlar til ein ny post under kap. 911 post 70 til konkurransefagleg forskning. Tilsynet har i 2023 lyst ut og tildelt 2,2 millionar kroner i tilskotsmidlar til konkurransefagleg forskning for 2023-2025. Alle tilgjengelege midlar er lyst ut og tildelte gjennom vedtak til konkurransefagleg forskning. Dei siste utbetalingane i det alminnelege prisreguleringsfondet vart gjort i 2023 og ved årsskiftet vart fondet avslutta.

Rapporterte utgifter til drift og investeringar for Konkurransetilsynet summerte seg til 133,185 mill. kr., der utbetalingar til lønn og sosiale utgifter utgjer 101,187 mill. kr. Tilsynet har hatt ei auke på fire utførte årsverk frå 2022 til 2023. Endringa i årsverk skuldast ei sterk auke i avgangar i 2022, der nokre av desse vart erstatta i 2023. Kostnadar til konsulenttenester har i 2023 auka samanlikna med 2022, grunna anskaffing av maskinlæringsplattform, konsulenttenester til leiarutviklingsprogram og til pågåande saker.

Konkurransetilsynet vil søke om overføring av ubrukt løyving på post 01 i 2023 på 3,708 mill. kr. til 2024. I tillegg søker tilsynet om overføring av ubrukt løyving på post 70 – Konkurransefagleg forskning på kr. 3,576 mill. til 2024.

#### Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er ekstern revisor og bekreftar årsrekneskapen for Konkurransetilsynet samt det alminnelege prisreguleringsfondet. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato, men revisjonsmeldinga vil vere ferdig innan 1. mai 2024.

Viser til vedlegg 1 og 2 angående for omtale og årsrekneskap for det alminnelege prisreguleringsfondet.

Bergen, 15. Mars 2024



Tina Søreide  
Konkurransedirektør



## 6.2 Prinsippnote

Årsrekneskapen for statlege verksemder er utarbeidd og avlagt etter retningslinjene fastsett i «Bestemmelser om økonomistyring i staten». Årsrekneskapen er i samsvar med føresegnene punkt 3.4.1, nærare føresegner i Finansdepartementets rundskriv R-115 og "Virksomhets- og økonomiinstruks" fastsett av overordna departement.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i føresegnene punkt 3.4.2 – dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følger kalenderåret
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c) Utgiftene og inntektene er førte i rekneskapen med brutto beløp.
- d) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillinga av løyvings- og artskontorrapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i føresegnene punkt 3.5 til korleis verksemda skal rapportere til statsrekneskapen. Summeringslinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapet» er lik i begge oppstillingane.

Konkurransetilsynet er knytt til statens konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krav i føresegnene punkt 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemder blir ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Ved årets slutt blir saldo på kvar enkelt oppgjerskonto nullstilt.

### **Løyvingsrapportering**

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa viser løyvingsrapportering, og behaldninga verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som Konkurransetilsynet har rapportert til statsrekneskapen. Det er oppstilt etter kapittel og post i løyvingsrekneskapen som verksemda har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser alle finansielle egedelar og gjeld vi står oppført med i statens kapitalrekneskap.

Mottekne fullmakter til å belaste kapittelet for ei anna verksemd/post (belastningsfullmakter) blir ikkje vist i kolonnen for samla tildeling, men er omtalt i note B til løyvingsoppstillinga. Utgiftene knytt til mottatte belastningsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen, og blir vist i kolonnen for rekneskap.

Gitte belastningsfullmakter er inkluderte i kolonnen for samla tildeling, men blir bokført og blir ikkje rapportert til statsrekneskapen frå verksemda sjølv. Gitte belastningsfullmakter blir bokførte og rapportert av verksemda som har mottatt belastningsfullmakta og blir derfor ikkje vist i kolonnen for rekneskap. Dei gitte fullmaktene kjem fram i note B til løyvingsoppstillinga.

### **Artskontorapportering**

Oppstillinga av artskontorapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder og ein nedre del som viser egedelar og gjeld som inngår i mellomverande med statskassa. Artskontorapporteringa viser kva rekneskapstal vi har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein trekkrett for disponible tildelingar på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast, og visast derfor ikkje som ei inntekt i oppstillinga.

Vi har ein trekkrett for disponible tildelingar på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast, og visast derfor ikkje som ei inntekt i oppstillinga. Note 9 i artskontorapporteringa viser forskjellar mellom avrekning og mellomverande med statskassa.

Rekneskapstal i løyvings- og artskontorapportering med notar viser rekneskapstal rapportert til statsrekneskapen. Note 7 til artskontorapporteringa viser forskjellar mellom avrekning og mellomverande med statskassa. Nota viser forskjellen mellom beløp verksemda har bokført på egedels- og gjeldskontoar i kontospesifikasjonen for verksemda (saldo på kunde- og leverandørreskontro) og beløp verksemda har rapportert som fordringar og gjeld til statsrekneskapen og som inngår i mellomveranda med statskassa.

Konkurransetilsynet har innretta bokføringa slik at den følger krava i "Bestemmelser om økonomistyring i staten". Dette inneber at alle opplysningar om transaksjonar og andre rekneskapsmessige disposisjonar som er nødvendige for å utarbeide pliktig rekneskapsrapportering, jf. føresegnene punkt 3.3.2, og spesifikasjon av pliktig rekneskapsrapportering, jf. føresegnene punkt 4.4.3, er bokførte. Føresegnene krev mellom anna utarbeiding av kundespesifikasjon og leverandørspesifikasjon. Det inneber at sals- og kjøpstransaksjonar blir bokført i kontospesifikasjonen på eit tidlegare tidspunkt enn dei blir rapporterte til statsrekneskapen.

## Oppstilling av bevilgningsrapportering 31.12.2023

Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling	Regnskap 2023	Merutgift (-) og mindretgift
0911	Driftsutgifter	01	Driftsutgifter	A,B	136 893 000	133 184 517	3 708 483
0911	Forskningsmidler	70	Tilskudd til konkurransefaglig forskning	A,B	6 247 000	2 671 074	3 575 926
1633	Nettoordning, statlig betalt merverdiavgift	01	Nettoordning for mva i staten		0	3 287 583	
<i>Sum utgiftsført</i>					<i>143 140 000</i>	<i>139 143 174</i>	

Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Samlet tildeling	Regnskap 2023	Merinntekt og mindreinntekt(-)	
3911	Refusjoner og andre inntekter	03	Refusjoner og andre inntekter, Konkurransetilsynet	200 000	133 000	-67 000	
5309	Tilfeldige inntekter	29	Tilfeldige inntekter - ymse	0	154 654		
5700	Folketrygdens inntekter	72	Arbeidsgiveravgift	0	12 922 289		
<i>Sum inntektsført</i>					<i>200 000</i>	<i>13 209 942</i>	

### Netto rapportert til bevilgningsregnskapet

#### Kapitalkontoer

60046801	Norges Bank KK /innbetalinger				2 956 032	
60046802	Norges Bank KK/utbetalinger				-126 039 135	
715810	Endring i mellomværende med statskassen				-2 850 128	
<i>Sum rapportert</i>					<i>0</i>	

### Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12)

Konto	Tekst	2023	2022	Endring
715810	Mellomværende med statskassen	-9 410 337	-6 560 209	-2 850 128

### Note A Forklaring av samla tildeling utgifter

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Årets tildeling	Samla tildeling
91 101	4 528 000	132 365 000	136 893 000
91 170	4 102 000	2 145 000	6 247 000

Konkurransetilsynet har i 2023 disponert ei samla tildeling på kr 136,893 mill. kroner på kapittel 0911 post 01 og 6,247 mill. kroner på kapittel 0911 post 70.

### Note B Forklaring til brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift(-)/ mindre utgift	Meirutgift(-)/ mindreutgift etter gitte belastnings-fullmakter	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp *	Mogleg overførbart beløp utrekna av verksemda
91 101		3 708 483	3 708 483	3 708 483	6 618 250	3 708 483
91 170	"kan overførast"	3 575 926	3 575 926	3 575 926	4 145 000	3 575 926

#### Stikkordet «kan overførast»

Forskningsmidlar kapittel 0911 post 70 kan overføre summen av dei siste to års løyving, jf. rundskriv R-2. Mogleg overførbart beløp er kr. 3 575 926.

#### Fullmakt til å overskride driftsløyving mot tilsvarande meirinntekter

Refusjonar av lønn på totalt kr. 2 645 777 er nettoført i driftsutgiftene.

#### Mogleg overførbart beløp

Kapittel 0911 post 01 kr. 3 708 483

Kapittel 0911 post 70 kr. 3 575 926

## Oppstilling av artskontorrapporteringen 31.12.2023

	Note	2023	2022
<b>Driftsinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>			
Innbetalinger fra gebyrer	1	0	0
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer	1	0	0
Salgs- og leieinnbetalinger	1	133 000	161 000
Andre innbetalinger	1	28 000	0
<i>Sum innbetalinger fra drift</i>		<i>161 000</i>	<i>161 000</i>
<b>Driftsutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>			
Utbetalinger til lønn	2	101 186 788	94 372 141
Andre utbetalinger til drift	3	32 023 939	30 483 662
<i>Sum utbetalinger til drift</i>		<i>133 210 728</i>	<i>124 855 803</i>
<b>Netto rapporterte driftsutgifter</b>		<b>133 049 728</b>	<b>124 694 803</b>
<b>Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		<i>0</i>	<i>0</i>
<b>Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet</b>			
Utbetaling til investeringer		0	0
Utbetaling til kjøp av aksjer		0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	1 789	7 116
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		<i>1 789</i>	<i>7 116</i>
<b>Netto rapporterte investerings- og finansutgifter</b>		<b>1 789</b>	<b>7 116</b>
<b>Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</b>			
Innbetaling av skatter, avgifter, gebyrer m.m.	5	0	-318
<i>Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</i>		<i>0</i>	<i>-318</i>
<b>Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</b>			
Utbetalinger av tilskudd og stønader	6	2 671 074	897 950
<i>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</i>		<i>2 671 074</i>	<i>897 950</i>
<b>Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler</b>			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		154 654	116 667
Arbeidsgiveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		12 922 289	11 649 034
Nettoføringsordning for merverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		3 287 583	2 949 163
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapitler</i>		<i>-9 789 359</i>	<i>-8 816 538</i>
<b>Netto rapportert til bevilgningsregnskapet</b>		<b>125 933 232</b>	<b>116 783 649</b>
<b>Oversikt over mellomværende med statskassen *</b>			
<b>Eiendeler og gjeld</b>		<b>2023</b>	<b>2022</b>
Fordringer på ansatte		401 358	248 997
Kontanter		0	0
Bankkontoer med statlige midler utenfor Norges Bank		0	0
Skyldig skattetrekk og andre trekk		-4 504 195	-3 993 061
Skyldige offentlige avgifter		-61 609	-87 757
Avsatt pensjonspremie til Statens pensjonskasse*		-5 242 691	-2 734 545
Mottatte forskuddsbetalinger		0	0
Lønn (negativ netto, for mye utbetalt lønn m.m)		0	9 357
Differanser på bank og uidentifiserte innbetalinger		-3 200	-3 200
<b>Sum mellomværende med statskassen</b>	7	<b>-9 410 337</b>	<b>-6 560 209</b>

## Note 1 Innbetalinger frå drift

	31.12.2023	31.12.2022
<i>Innbetalinger frå gebyr</i>		
<b>Sum innbetalinger frå gebyr</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Innbetalinger frå tilskot og overføringar</i>		
<b>Sum innbetalinger frå tilskot og overføringar</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<i>Sal- og leigeinnbetalinger</i>		
Eksterne refusjonsinntekter	133 000	161 000
<b>Sum sal- og leigeinnbetalinger</b>	<b>133 000</b>	<b>161 000</b>
<i>Andre innbetalinger</i>		
Sal av utrangert materiell, avgiftsfritt	28 000	0
<b>Sum andre innbetalinger</b>	<b>28 000</b>	<b>0</b>
<b>Sum innbetalinger frå drift</b>	<b>161 000</b>	<b>161 000</b>

## Note 2 Utbetalinger til lønn

	31.12.2023	31.12.2022
Lønn	81 006 592	77 042 627
Arbeidsgivaravgift	12 922 289	11 649 034
Pensjonsutgifter*	8 243 997	7 565 074
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-2 645 777	-3 379 558
Andre ytingar	1 659 688	1 494 964
<b>Sum utbetalinger til lønn</b>	<b>101 186 788</b>	<b>94 372 141</b>

**Tall på utførte årsverk:** **88** **84**

\* Pensjonar blir utgiftsført i artskontorrapporteringa. Premiesatsen for arbeidsgjevarden utgjorde i 2023 11,6 prosent (arbeidsgjevarden av pensjonspremie/pensjonsgrunnlaget i 2023 rapportert til SPK).



### Note 3 Andre utbetalinger til drift

	31.12.2023	31.12.2022
Husleige	14 063 404	13 144 383
Vedlikehald egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehald og ombygging av leigde lokale	105 155	1 507 998
Andre utgifter til drift av eigedom og lokale	3 042 177	2 758 409
Reparasjon og vedlikehald av maskiner, utstyr mv.	134 547	85 559
Mindre utstyranskaffing	536 718	1 122 411
Leige av maskiner, inventar og liknande	4 930 621	4 629 463
Kjøp av konsulenttenester	3 607 795	842 023
Kjøp av andre fremmande tenester	491 345	808 671
Reiser og diett	1 948 168	2 138 235
Øvrige driftsutgifter	3 164 010	3 446 510
<b>Sum andre utbetalinger til drift</b>	<b>32 023 939</b>	<b>30 483 662</b>

Konkurransetilsynet har i 2023 hatt ei auke i husleigerelaterte utgifter grunna sterk prisvekst. Konsulenttenester har hatt ei kraftig auke frå 2022 til 2023, grunna anskaffing av maskinlæringsplattform, konsulentar til leiarutvikling og pågåande saker.

### Note 4 Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2023	31.12.2022
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Inntekter frå eigendelar i selskap m.m	0	0
Salssum ved realisasjon av verdipapir	0	0
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Anna finansinntekt	0	0
<b>Sum innbetaling av finansinntekter</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
	<b>31.12.2023</b>	<b>31.12.2022</b>
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	1 789	7 116
Valutatap	0	0
Anna finansutgift	0	0
<b>Sum utbetaling av finansutgifter</b>	<b>1 789</b>	<b>7 116</b>

## Note 5 Innkrevingsverksemd og andre overføringer til staten

	31.12.2023	31.12.2022
Tilfeldige og andre inntekter (Statskonto 530929)	0	-318
<b>Sum innkrevingsverksemd og andre overføringer til staten</b>	<b>0</b>	<b>-318</b>

Konkurransetilsynet har ikkje hatt innbetalinger frå gebyr som følgje av brot på konkurranselova i 2023. Størrelsen på gebyr i rekneskapen vil variere vesentleg frå år til år i samsvar med talet på saker og saken sin art.

## Note 6 Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten

	31.12.2023	31.12.2022
Tilskot til ikkje-finansielle føretak	2 671 074	897 950
<b>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten</b>	<b>2 671 074</b>	<b>897 950</b>

Konkurransetilsynet har i 2023 betalt ut 2 671 074 kroner til konkurransefagleg forskning under post 70. Tilsynet har i 2023 lyst ut og tildelt 2,2 millionar kroner i tilskotsmidlar til konkurransefagleg forskning for 2023-2025. Alle tilgjengelege midlar er lyst ut og tildelt gjennom vedtak. Se vedlegg 2 for utfyllande informasjon om forskingsprosjekta.

Mottakar	
ARNTZEN DE BESCHE ADVOKATFIRMA AS	600 000
OSLO ECONOMICS AS	125 000
SAMFUNNS- OG NÆRINGSLIVSFORSKNING AS	1 871 074
Universitetet i Sørøst-Norge	75 000
<b>Sum tilskotutbetaling 2023</b>	<b>2 671 074</b>

## Note 7 Samanheng mellom avrekning med statskassa og mellomverande med statskassa

### Del A Forskjellen mellom avrekning med statskassa og mellomverande med statskassa

	31.12.2023 Spesifikasjon av bokført avrekning med statskassen	31.12.2023 Spesifikasjon av rapportert mellomverande med statskassen	Forskjell
Finansielle anleggsmidler			
Investeringar i aksjar og andelar	0	0	0
Obligasjonar	0	0	0
<i>Sum</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Omlaupsmidler			
Kundefordringar	300	0	300
Andre fordringar	401 358	401 358	0
Bankinnskot, kontantar og liknande	0	0	0
<i>Sum</i>	<i>401 658</i>	<i>401 358</i>	<i>300</i>
Langsiktig gjeld			
Anna langsiktig gjeld	0	0	0
<i>Sum</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-6 416 356	0	-6 416 356
Skyldig skattetrekk	-4 504 195	-4 504 195	0
Skyldige offentlege avgifter	-50 683	-61 609	10 926
Anna kortsiktig gjeld	0	-5 245 891	5 245 891
<i>Sum</i>	<i>-10 971 234</i>	<i>-9 811 695</i>	<i>-1 159 539</i>
<b>Sum</b>	<b>-10 569 576</b>	<b>-9 410 337</b>	<b>-1 159 239</b>

# Vedlegg 1 - Det alminnelege prisreguleringsfondet - Årsrekneskap

---

## 1 Kommentar frå leiinga

Det alminnelege prisreguleringsfond vart oppretta i 1941 med sikte på å få til disposisjon av prisutjamningsmiddel som ikkje var knytte til bestemte bransjar, men som kunne brukast til prisnedskrivning eller for å hindre prisstigning der det ikkje var praktisk å gjennomføre spesielle utjamningsordningar. Fondet var den gong heimla i prislova § 25 og vedtektene er gitt ved kgl. res. av 22. desember 1950. Prislova § 25 vart i 1991 endra ved at det vart gitt høve til å bruke midlar av fondet til andre formål enn prisreguleringstiltak. Konkurransetilsynet har sidan 1999 vore sekretariat og rekneskapsfører til fondet. Fondet hadde ved overtaking pr 31. desember ei kontantbeholdning på 21,8 mill. kr. og ei renteinntekt på 1,3 mill. kr. Nærings- og fiskeridepartementet vedtok i 2014 nye retningslinjer for fondet, som innebar at midla kunne nyttast til å gi tilskot til forskning om konkurranseforhold og pris- og konkurransepolitiske verkemiddel. Fondet vart omgjort til tilskotsfond, og skulle byggast ned og avviklast. Tildeling har i tillegg til nemnde retningslinje vore regulert av Økonomiregelverkets avgjerder kap. 3 og 6 og forskrift nr. 4316 av 24. januar 1992 om det alminnelege prisreguleringsfond.

Utbetalte midlar var i 2023 på kr. 645 235. Per september 2023 var alle forpliktingar i Prisreguleringsfondet oppgjort og gjenståande behaldning var kr. 168 577. I avtale med Nærings- og Fiskeridepartementet vart resterande behaldning utbetalt til forskingsprosjekt som var tildelt over kap. 0911 post 70. Ved årsskiftet 2023-2024 var det ikkje meir midlar igjen i fondet og fondet vart avvikla. Behaldninga ved avviklinga av fondet 31.12.2023 bestod av renteinntekter på kr. 9 897 som vart overført til statskassa.

Alle prosjekta i Prisreguleringsfondet er avslutta og nærare omtalte i vedlegg, og dessutan Konkurransetilsynets årsmelding del 3.

Årsrekneskapen er i samsvar med "Bestemmelser om økonomistyring i staten", og krav frå NFD i retningslinjene til fondet. Rekneskapen gir eit dekkande bilete av disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, egedelar og gjeld som fondet har. Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for det alminnelege prisreguleringsfondet. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per no. Revisjonsmeldinga som i tillegg vil gjelde rekneskapen for Konkurransetilsynet, er forventa å vere klar innan mai 2023 Revisjonsmeldinga er unnateke offentlegheita fram til Stortinget har motteke Dokument 1 frå Riksrevisjonen. Dokumentet blir publisert på Konkurransetilsynets sine nettsider når dokumentet blir offentlig.

Bergen, den 15.mars 2023



Tina Søreide  
konkurransedirektør

## 2 Oppstilling av løyvingrapportering med noter

### Prinsippnote for løyvingrapportering

Årsrekneskapen for det alminnelege prisreguleringsfondet er utarbeidd og avlagt etter nærare retningslinjer fastsett i "Bestemmelser om økonomistyring i staten". Årsrekneskapen er i samsvar med krav i føresegnene i punkt 3.4.6 og Finansdepartementets rundskriv R-115 av desember 2022.

Det alminnelege prisreguleringsfondet vart oppretta ved avsetning av avgifter som følge av prisregulering. Fondet er gruppert til å vere eit B2.3 fond, eit fond med middel som ikkje kan reknast som aktivum i kapitalrekneskapen, men som statlege styresmakt har rett til å disponere. Det alminnelege prisreguleringsfondet er ein formuemasse (kapital) som i rekneskapen er skilt frå dei andre midla til staten, og der brukar er bunde til eit nærare fastsett formål med varigheit utover eitt budsjettår. Fondet har ei forenkla rapportering til statsrekneskapen. Betalingsformidling skal gå føre seg gjennom konsernkontoordninga frå staten og likvidane skal oppbevarst på oppgjerskonto i Noregs Bank. Behaldning på oppgjerskontoar blir overførte til nytt år.

### Løyvingrapporteringa

Øvre del av oppstillinga viser kva som er rapportert i likvidrapporten til statsrekneskapen. Likvidrapporten viser saldoen til fondet og endringar i perioden på oppgjerskontoen til fondet i Noregs Bank. Alle finansielle egedelar og forpliktingar som fondet er oppførte med i kapitalrekneskapen til staten, blir vist i oppstillingas nedre del.

### Oppstilling av løyvingrapportering 31.12.2023

Behaldning rapportert i likvidrapport	Note	Rekneskap 2023
Inngående saldo på oppgjerskonto i Noregs Bank		645 235
Endringar i perioden		635 338
<i>Sum utgåande saldo oppgjerskonto i Noregs Bank</i>		9 897

### Behaldning rapportert til kapitalrekneskapet 31.12.2023

Konto	Tekst	Note	2023	2022	Endring
811502	Behaldning på konto(ar) i Noregs bank		9 897	645 235	-635 338

\*Note A utarbeidast ikkje for Det alminnelege prisreguleringsfondet på bakgrunn av at det ikkje blir gitt tildelingar over statsbudsjettet til fondet. Det er berre årlege renteinntekter som blir bokført som inntekter til fondet.

Utbetalte midlar var i 2023 på kr. 645 235. Per september 2023 var alle forpliktingar i Prisreguleringsfondet oppgjort og gjenståande behaldning var kr. 168 577. I avtale med Nærings- og Fiskeridepartementet vart resterande behaldning utbetalt til forskingsprosjekt som var tildelt over post 70. Ved årsskiftet 2023-2024 var det ikkje meir midlar igjen i fondet og fondet vart avvikla. Behaldninga ved avviklinga av fondet 31.12.2023 bestod av renteinntekter på kr. 9 897 som vart overførte til statskassa.

## 2.1 Oppstilling av fondsrekneskap med noter

### Prinsippnote til årsregnskapet

Det alminnelige prisreguleringsfondet har rekneskapsførarnummer 811502 og oppgjerskonto 0677 6014 3695 i Noregs Bank. Fondsrekneskapen tilsvara oppstillinga i rekneskapen til verksemda i årsrekneskapen for statlege verksemdar. Fondsrekneskapen er utarbeidd etter kontantprinsippet. Det inneber at inntektene (overføringar til fondet) visast i oppstillinga av resultatet når dei er innbetalt. Utgifter (overføringar frå fondet) visast i oppstillinga av resultatet når dei er utbetalt.

Resultatoppstillinga inneheld alle overføringar til og frå fondet i rekneskapsåret. Periodens resultat er forskjellen mellom overføring til fondet og overføring frå fondet og resultatet viser netto endringar i fondskapitalen. Resultatet er overført til opptent fondskapital i balanseoppstillinga.

Kapitalinnskot eller tilbakebetaling av kapitalinnskot i fondet blir ikkje vist i resultatoppstillinga, men blir ført direkte i balansen mot innskoten fondskapital.

Oppstilling av resultat for PF 2023	Note	2023	2022
<i>Overføringar til fondet</i>			
Overføringar frå andre statlege rekneskap	1	9 897	12 640
<b>Sum overføringar til fondet</b>		<b>9 897</b>	<b>12 640</b>
<i>Overføringar frå fondet</i>			
Overføringar til andre statlege rekneskap	2	645 235	2 296 877
<b>Sum overføringar frå fondet</b>		<b>645 235</b>	<b>2 296 877</b>
<b>Resultat for perioden</b>		<b>- 635 338</b>	<b>- 2 284 237</b>
Disponering			
<b>Overføring av resultat for perioden til opptent fondskapital</b>		<b>- 635 338</b>	<b>-2 284 237</b>

Oppstilling av balanse for PF 2023	Note	2023	2022
<i>Eiga</i>			
Oppgjerskonto i Noregs Bank		9 897	645 235
<b>Sum eiga</b>		<b>9 897</b>	<b>645 235</b>
<i>Fondskapital og gjeld</i>			
Innskot fondskapital	3	21 800 000	21 800 000
Opptent fondskapital	3	(21 790 103)	(21 154 765)
<b>Sum fondskapital og gjeld</b>		<b>9 897</b>	<b>645 235</b>

#### Note 1

Fondets inntekter består av renteavkastning på beholdning i Noregs Bank. Dette er vist i linja overføringar frå andre statlege rekneskap med kr 9 897.



## Note 2

Det er gjort utbetalinger til prosjekt hos følgende mottakarar i 2023:

<b>Mottakar</b>	<b>Beløp</b>
Samfunns- og Næringslivsforskning AS*	221 702
Handelshøyskolen BI	150 875
Universitetet i Bergen	745 014
<b>Sum tilskotsutbetaling 2022</b>	<b>645 235</b>

\* Det gjenstod 168 577 kroner når alle forpliktingar til Prisreguleringsfondet var oppgjort. I avtale med Nærings og Fiskeridepartementet vart 168 577 kroner utbetalt til forskingsprosjekt som var tildelt over post 70, for å tømme og avvikle fondet.

## Note 3

Ved overdraging som sekretariat for fondet i 1999 hadde fondet pr 31.12 ein kontantbeholdning på kr 21,8 mill. Renteinntektene var på kr 1,3 mill. Opptent fondskapital er renteavkastning og utbetalinger i perioden frå overdraging av fondet. Ved utbetalinger frå fondet kan det nyttast både renter og innskoten kapital.

## Vedlegg 2 - Rapportering på forskingsprosjekt

---

I 2023 vart det lyst ut forskingsmidlar på om lag to millionar kroner. I det følgjande blir det gjeve ei overordna oversikt over prosjekta som har hatt aktivitet i 2023. Ei fullstendig oversikt over tildelingar til prosjekt og tilhøyrande artiklar/rapportar er tilgjengeleg på [nettsida vår](#).

### Nye prosjekt i 2023

**Samfunns- og næringslivsforskning AS (SNF)** vart ved vedtak V2023-5 tildelt midlar på totalt 1 200 000 kroner til prosjektet *Substitution and ownership in the Norwegian newspaper market*. Prosjektet leiast av førsteamanuensis Øyvind Thomassen ved Norges Handelshøyskole og SNF. I følgje søknaden skal prosjektet resultere i to akademiske artiklar eigna for publisering i internasjonale tidsskrift, ein rapport, ein workshop og to masteroppgåver i samfunnsøkonomi. Det er planlagt å presentere arbeidet på nasjonale og internasjonale konferansar samt for Konkurransetilsynet.

**Samfunns- og næringslivsforskning AS (SNF)** vart ved vedtak V2023-6 tildelt midlar på totalt 1 000 000 kroner til prosjektet *Digital platforms and product recommendation systems*. Prosjektet leiast av professor Mohammed Mardan ved Norges Handelshøyskole og SNF. I følgje søknaden skal prosjektet resultere i to akademiske artiklar eigna for publisering i høgt rangerte internasjonale tidsskrift, ein policy-rapport samt ein workshop. Det er planlagt å presentere arbeidet på nasjonale og internasjonale konferansar samt for Konkurransetilsynet.

### Pågåande prosjekt

**Samfunns- og næringslivsforskning AS** vart ved vedtak V2022-11 tildelt midlar på totalt 1 173 802 kroner, til prosjektet *Cartel policy in the Nordic countries*. Prosjektet leiast av professor Lars Sørgard ved Norges Handelshøyskole. I følgje søknaden skal prosjektet resultere i to akademiske artiklar eigna for publisering i internasjonale tidsskrift, samt ei masteroppgåve i samfunnsøkonomi. Det er planlagt å presentere arbeidet på nasjonale og internasjonale konferansar samt for Konkurransetilsynet.

**Samfunns- og næringslivsforskning AS** vart ved vedtak V2022-12 tildelt midlar på totalt 970 000 kroner, til prosjektet *Strategic barriers to entry and expansion in grocery retailing*. Prosjektet leiast av førsteamanuensis Morten Sæthre ved Norges Handelshøyskole. I følgje søknaden skal prosjektet resultere i ein eller to akademiske artiklar eigna for publisering i høgt rangerte internasjonale tidsskrift, samt ein prosjektrapport som dannar grunnlag for politikktilrådingar. Det er planlagt å presentere arbeidet på nasjonale og internasjonale konferansar samt for Konkurransetilsynet. Prosjektet har fått utsett frist til 30. juni 2024.

**Oslo Economics** vart ved vedtak V2022-13 tildelt midlar på totalt 750 000 kroner, til prosjektet *Ex-post analysis of the Telia/Phonero merger in the Norwegian market for mobile telecommunications*. Prosjektet leiast av partner Elias Braunfels ved Oslo Economics. I følgje søknaden skal prosjektet resultere i ein akademisk artikkel eigna for publisering i internasjonale tidsskrift. Det er planlagt å presentere arbeidet på nasjonale og/eller internasjonale konferansar samt for Konkurransetilsynet.

**Samfunns- og næringslivsforskning AS** vart ved vedtak V2022-14 tildelt midlar på totalt 1 118 400 kroner til prosjektet *Utvikling av metoder for avdekking av ulovlig samarbeid og misbruk av dominerende stilling anvendt på legemiddelmarkedet*. Prosjektet leiast av professor Kurt Brekke ved Norges Handelshøyskole. I følgje søknaden skal prosjektet resultere i to akademiske artiklar eigna for publisering i internasjonale tidsskrift, samt ein artikkel retta mot det norske konkurranseøkonomiske og -rettslege miljøet.

**Universitetet i Sørøst-Norge (USN)** vart ved vedtak V2022-15 tildelt midlar på totalt 300 000 kroner til prosjektet *The competitive effects of non-discrimination clauses in digital markets*. Prosjektet leiast

av professor Bjørn Hansen ved USN. I følge søknaden skal prosjektet resultere i ein akademisk artikkel eigna for publisering i internasjonale tidsskrift. Det er planlagt å presentere arbeidet på ein internasjonal konferanse samt for Konkurransetilsynet.

### Avslutta prosjekt

**Arntzen de Besche Advokatfirma (AdeB)** vart ved vedtak V2022-16 tildelt midlar på totalt 600 000 kroner til prosjektet *Bærekraft og konkurranserett – handlingsrom og skranker for bærekraftsamarbeid- og initiativ under konkurranselover § 10 og § 11 («Bærekraft og konkurranserett»)*. Prosjektet leiast av partner Svein Terje Tveit ved AdeB. Prosjektet resulterte i ein forskingsrapport og ein presentasjon for Konkurransetilsynet.

**Bergen Center for Competition Law and Economics (BECCLE)** vart ved vedtak V2020-3 tildelt 470.000 kroner for 2020 frå prisreguleringsfondet til gjennomføring av opne seminar innan konkurranserett og konkurranseøkonomi, tildeling av masterstipend innan konkurranserett og konkurranseøkonomi, samt til gjennomføring av BECCLE-konferansen 2020 i konkurranserett og konkurranseøkonomi. Grunna covid-19 pandemien vart ei rekke planlagde seminar skrinlagde og midlane til BECCLE-konferansen vart brukt først i 2022. Det vart delt ut 195 000 kroner i studentstipend i 2020. Konkurransetilsynet har motteke sluttrapport, og prosjektet er no avslutta.

**Handelshøyskolen BI** vart ved vedtak V2020-4 tildelt 696.000 kroner for 2020 og 603.500 kroner for 2021, totalt 1.300.000 kroner frå prisreguleringsfondet til prosjektet *Prissamarbeid, prisforhandlingar og prisdiskriminering*. Prosjektet resulterte i to akademiske artiklar; *Collusion through list prices: an experimental investigation* og *Sequential Price Setting: Theory and Evidence from a Lab Experiment*. Prosjektet resulterte også i to masteroppgåver. Det er motteke sluttrapport, og prosjektet er no avslutta.

**Tore Lunde** vart ved vedtak V2020-1 tildelt 240 000 kroner frå prisreguleringsfondet for 2021 til prosjektet *Gjelder det et skjerpet beviskrav for utmålingsmomenter som inngår i fastsettelsen av administrative reaksjoner? Jf. Høyesteretts dom i Rt-2012-1556 (Brosaken) avsnittene 35 og 60*. Prosjektet skulle levere ein juridisk fagartikkel eigna for publisering i anerkjende tidsskrift. Covid-19-situasjonen forseinka oppstarten av prosjektet, og eit planlagt studie- og skriveopphold utanlands måtte utsetjast. Prosjektet fekk utsett frist til 31. mai 2022, men vart i mai 2023 trekt av prosjektleiar. Prosjektet leverte dermed ingen fagartiklar. Prosjektet er no avslutta.